

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne</b>
<b>Møtestad:</b>	Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
<b>Dato:</b>	21.03.2018
<b>Tid:</b>	09:00

### Dagsorden

- kl. 09:00 Start.
- kl. 09:05 Orientering: Regionreforma v/seniorrådgjevar Thorbjørn Årethun frå prosjektsekretariatet, ny fylkeskommune.
- kl. 09:35-10:00 Sakshandsaming
- kl. 10:00-10:30 Brannøving
- kl. 10:30-12:00 Sakshandsaming
- kl. 12:00-13:00 Lunsj
- kl. 13.00- Sakshandsaming, forts., til møtet er ferdig.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Kjell Gitton Håland  
leiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 8/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 9/18	Godkjenning av sakliste		
PS 10/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 11/18	Referatsak (meldingar)		
RS 5/18	Møtereferat fra AU-møte 14.02.2018	2016/34506	
RS 6/18	Folkehelseundersøking i Hordaland	2017/4780	
RS 7/18	Universell utforming av fylkeskommunale bygg. Orientering om byggeplanar, aktiv deltaking i byggeprosjekt, byggekomitear, osv. i fylkeskommunal regi.	2017/2682	
RS 8/18	Endringar i regelverket for transportordninga for funksjonshemma	2017/17796	
PS 12/18	Temadag RMNF 2018 den 19. mars 2018 - evaluering	2017/485	
PS 13/18	Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland	2017/485	
PS 14/18	Ymse		

**PS 8/18 Godkjenning av møteinnkalling**

**PS 9/18 Godkjenning av sakliste**

**PS 10/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**

**PS 11/18 Referatsak (meldingar)**

## Møtereferat

Dato: 19.02.2018

Emne:	<b>Møtereferat frå AU-møte 14.02.2018</b>	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar, Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-10
Møtetid:	Kl. 08:30-10:30	Møtestad: Møterom Sunnhordland, 4 etg.

**Møteleiar: Kjell Håland****Referent: Merethe Helland Nordnæs**

### Agenda for møtet:

1. Agenda for møtet i RMNF den 21.03.2018
2. Planlegg faste møte med SKYSS
3. Forberedelse til temadag den 19.03.2018
4. Ymse

### 1. Agenda for møtet den 21.03.2018:

Kl. 09:05: Orientering, Regionreforma v/Thorbjørn Årethun frå Prosjektsekretariatet, ny fylkeskommune.  
Kl. 09:35: Orientering frå SKYSS, ny sonestruktur. Faste møter med SKYSS.  
Kl. 10:00: Brannøving  
Kl. 10:30: Sakshandsaming  
Kl. 12:00: Lunsj  
Kl. 13:00: Sakshandsaming fram til møtet er ferdig.

Aktuelle saker:

- Oppsummering av temadagen 2018
- Årsmelding for RMNF 2017

### 2. Planlegg møte med Skyss:

Det vert planlagt faste møter med SKYSS.

Her kan ein mellom anna ta opp om det er spesielle tema som SKYSS ynskjer å orientere rådet om.

Det vert sendt spørsmål til SKYSS om dei kan halde ein orientering på neste møte i rådet, den 21.03.2018, angående den nye sonestrukturen som vert sett i verk frå den 01.07.2018.

### **3. Forberedelse til temadag 2017:**

Invitasjonen er nå sendt ut. Konferansen er for dei kommunale råda. Det vart og bestemt at ein skulle invitere eit medlem frå FFO, Vibeke Magnus og eit medlem frå SAFO, Arvid Birkeland eller Evy Knutsen.

Merethe tar kontakt med Anita Woll, for eventuell endring av hennar innlegg. Kjell H tok kontakt med Langhaugen skole, angående eit kunstnarisk innslag på temadagen.

Det vart bestemt at innleiarane får ein termos med fylkesvåpenet som gåve. Merethe skriv ut program og tek med på konferansen og eventuelt årsmeldinga for RMNF 2017. Merethe tek kontakt med Ingeborg Hordvik, for om muleg at ho kan hjelpe til med registrering av delatakarar på temadagen.

Merethe tek ein oppsummering den 05.03.2018, og sender om naudsynt ut ein «reminder-mai».

#### **Ymse:**

AU-utvalet skal følgje med på sakslistene til dei tre fagutvala, for om mogeleg om der er aktuelle saker som kan meldast opp til møtet i RMNF den 21.03.2018.

**Notat**Dato: 22.02.2018  
Arkivsak: 2017/4780-2  
Saksbehandlar: ainhaug

---

<b>Til:</b>	Utval for opplæring og helse Utval for miljø og samferdsel Fylkeseldrerådet Ungdommens fylkesutval Utval for kultur, idrett og regional utvikling Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Folkehelseundersøking i Hordaland**

«Folkehelseundersøkinga i Hordaland 2018» er ei spørjeundersøking som skal gå ut til eit representativt utval av den vaksne befolkninga i fylket (19+). Den blir omtala som heildigital fordi invitasjon, utfylling av spørjeskjema og vidare oppfølging går føre seg digitalt. Det vil ikkje bli sendt ut spørjeskjema i posten slik som har vore vanleg. Dette er første gong ei så stor undersøking blir gjennomført på denne måten i Noreg. Fordi det er knytt usikkerheit til ein ny metode vil invitasjon til å delta gå ut til ein relativt stor del av befolkninga. Dette er for at vi skal vere trygge på at vi får mange nok svar til at vi får resultat som vil vere pålitelege og seie noko om folkehelsestanden i heile befolkninga. Sidan vi unngår utgifter til porto og trykking av skjema, blir dette likevel langt billegare enn ei tradisjonell spørjeundersøking.

Undersøkinga blir sendt ut til befolkninga rett etter påske; 9. april 2018. Då vil 65.000 innbyggjarar få invitasjon til å delta via epost og/ eller sms.

**Pilot i samarbeid med Folkehelseinstituttet**

Dette er ein pilot som er utvikla i samarbeid med Folkehelseinstituttet (FHI). FHI er prosjekteigar. Målsettinga for prosjektet er å utvikle ei heildigital løysing og malar for gjennomføring av befolkningsundersøkingar. Dette for å gjere gjennomføringa billegare og enklare å gjennomføre for landets fylker. Initiativet må sjåast i samanheng med krava i [Folkehelselova §21](#) der det står at departementet kan gi fylkeskommunen plikt til å gjennomføre befolkningsundersøkingar, og om innhaldet i og gjennomføringa av slike undersøkingar i fylket. Per i dag er det ikkje eit slikt pålegg. Det er likevel eit felles ønske frå fylkeskommunane om at FHI skal leggje til rette for ei slik undersøking i tett dialog med fylkeskommunane. Denne piloten er basert på ein tidlegare pilot som blei gjennomført i Vestfold og Agderfylka i 2016 og erfaringane som blei gjort då ([FHI rapportar](#)). Denne undersøkinga blei gjennomført på papir.

Det er to løysingar som blir testa ut parallelt i denne piloten. Den eine er FHI sitt eige system for befolkningsundersøkingar, det andre er å nytte portalen helsenorge.no. Dei som blir inviterte, blir trekt frå Folkeregisteret og kontakta via høvesvis Difi sitt kontaktregister og via helsenorge.no. Grunnen til at Hordaland fylkeskommune blei invitert til å teste ut denne nye løysinga var at Hordaland er eitt av fylka med høgast del innbyggjarar som har ein profil på helsenorge.no. I tillegg er det lagt vekt på at Hordaland

fylkeskommune har eit eige statistikkmiljø med høg kompetanse på gjennomføring av spørjeundersøkingar og analyse av data.

### **Kvifor befolkningsundersøking**

Ein viktig del av fylkeskommunen sitt folkehelseansvar, er å ha naudsynt oversikt over befolkninga si helsetilstand og utviklinga av denne. På bakgrunn av denne kunnskapen skal fylkeskommunen fremme folkehelse og gjere naudsynte grep innan dei ansvarsområda og med dei virkemiddel som fylkeskommunen er tillagt. Ei befolkningsundersøking er viktig for å få fram kunnskap om vår befolkning. Det er mykje vi kan finne av informasjon gjennom registerdata, men også svært mykje vi rett og slett må spørje om for å få svar på. I gjennomføringa av «Folkehelsa i Hordaland 2015 – ei kunnskapsoversikt» erfarte vi at vi har store kunnskapshol når det gjeld helse i befolkninga. Det gjeld eigenopplevd helse, trivsel, aktivitetsnivå, med meir. I den utgåva kunne vi støtte oss noko til spørjeundersøkingar som har vore gjort i samband med tidlegare planar, men dette er ikkje noko vi kan rekne med å kunne bruke i neste runde.

Denne typen informasjon er relevant for fylkeskommunen sitt arbeid, men er og svært relevant for kommunane sitt folkehelsearbeid. Kunnskapen vi får gjennom denne undersøkinga skal nyttast i folkehelseoversikta, som eit grunnlag for planstrategien og som kunnskapsgrunnlag for vidare planarbeid og tiltaksutvikling i åra som kjem.

Det er ei prioritering at flest mogleg kommunar skal få eigne tal og rapportar for sin kommune. Kor mange kommunar som får dette, er det vanskeleg å seie noko om før undersøkinga har blitt gjennomført, ettersom det vil avhenge av svarprosent og tal svar frå kvar kommune.

I januar og februar vart det gjennomført ein pilot som gjekk ut til 2000 inviterte. Denne vart avslutta 20. februar og fekk god respons - 43% svarte. Dette lovar godt for vår hovudundersøking.

### **Kva spør vi om**

Det har vore arbeid med malar for spørjeskjema i undersøkinga i fleire år, og representantar frå Hordaland fylkeskommune har delteke i referansegruppe for dette arbeidet. Vi har og fått vere med og påverke spørjeskjemaet som går ut i denne piloten. I tillegg til eit standard hovudskjema som vil vere likt for alle fylker som skal gjennomføre dette, har vi utarbeidd tilleggsspørsmål som vi har vurdert som særskilt viktige for hordalandssamfunnet. Spørjeskjemaet inneheld spørsmål om helse i vid forstand i form av levevanar og levekår; mellom anna trivsel i eige nabolag, deltaking i fritidsaktivitetar og ferdsel til og frå arbeid. Dei inviterte kan velje å svare på nynorsk, bokmål eller engelsk.

I arbeidet med å utvikle piloten har vi hatt dialog med Bergen kommune. Sidan Bergen som storby kan ha eigne utfordringsbilete dei kunne ønska å få belyst, fekk dei tilbod om å ha ein eigen tilleggsmodul. Dette viste det seg å ikkje vere trong for. Resultatet blei difor ein felles tilleggsmodul for heile fylket. Vi har og innhenta innspel og merknader frå dei andre kommunane i fylket for å sikre at spørsmåla er relevante for kommunane sitt folkehelsearbeid.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart tidleg informert om og inviterte til å delta i undersøkinga. Med omsyn til å få utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag før samanslåing vurderte vi dette som relevant. Sogn og Fjordane valte å ikkje delta i denne runden. Dei har likevel fått tilsendt fleire utkast av spørjeskjema og har hatt moglegheit til å vere med å påverke utforminga av det.

### **Kostnad**

Ei digital gjennomføring av spørjeundersøkinga har senka kostnadene betydeleg samanlikna med folkehelseundersøkinga som blei gjennomført i Vestfold og Agder-fylka. Ei slike undersøking medfører likevel visse kostnader. Det er FHI som prosjekteigar som står for utviklingskostnadene og kostnadene knytt til gjennomføring. Hordaland fylkeskommune sine kostnader er knytt til utsending av sms til utvalet, oppfølging via telefonintervju for ei utvald gruppe, samt utgifter til kommunikasjon. Det er sett av 500.000 kr

til sms og telefonintervju, men her ser dei førebelse berekningane ut til å ligge godt under dette anslaget. Budsjet til kommunikasjon er på kr 350.000. Vi vurderer det som svært viktig å få promotert undersøkinga på ein god måte, sidan dette vil påverke svarprosenten og redusere behovet for telefonintervju i etterkant. Ein god svarprosent er avgjerande for om undersøkinga blir vellukka og i kva grad resultata kan brukast. Kostnadene blir dekkja av fylkeskommunen sine egne midlar.



## SPØRJESKJEMA 16.11.2017

### Folkehelseundersøkinga i fylka

Dette er ei undersøking om helse, trivsel og andre tilhøve som har innverknad for folkehelsa. Undersøkinga vil ta ca. 20 minutt. → [helsenorge.no](http://helsenorge.no)

#### Utdanning

##### Spørsmål 1: Kva er di høgaste fullførte utdanning?

- Grunnskule/framhaldsskule/folkehøgskule inntil 10 år
- Fagutdanning/realskule/vidaregåande/gymnas minimum 3 år
- Høgskule/universitet mindre enn 4 år
- Høgskule/universitet 4 år eller meir

#### Arbeids- eller livssituasjon

##### Spørsmål 2: Kva arbeids- eller livssituasjon er du i? (sett eitt eller fleire kryss)

- Yrkesaktiv heiltid
- Yrkesaktiv deltid
- Heimeverande
- Alderspensjonist
- Sjukmeld
- Uføretrygda/får arbeidsavklaringspengar
- Får sosialstønad
- Arbeidsledig
- Student/militærtjeneste

#### Inntekt

##### Spørsmål 3: Kva var husstanden si samla bruttoinntekt det siste året?

*Ta med alle inntekter frå arbeid, trygder, sosialhjelp og liknande.*

- Under 150 000 kr
- 150 000-250 000 kr
- 251 000-350 000 kr
- 351 000-450 000 kr
- 451 000-550 000 kr
- 551 000-750 000 kr
- 751 000-1 000 000 kr
- Over 1 000 000 kr

#### Trivsel

##### Spørsmål 4: I kva grad trivst du i nærmiljøet ditt?

- I stor grad

- I nokon grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

## Tryggleik

**Spørsmål 5:** I kva grad kjenner du deg trygg i nærmiljøet ditt?

- I stor grad
- I nokon grad
- I liten grad
- Ikkje i det heile tatt

## Generell helse

**Spørsmål 6:** Korleis vurderer du helsa di til slik den er til vanleg? Vil du seie at ho er...

- Svært god
- God
- Verken god eller dårleg
- Dårlig
- Svært dårleg

## Tannhelse

**Spørsmål 7:** Korleis vurderer du tannhelsa di? Vil du seie at ho er...

- Svært god
- God
- Verken god eller dårleg
- Dårlig
- Svært dårleg

**Spørsmål 8:** Når var du sist hos tannlege?

- 0-2 år sidan
- 3-5 år sidan
- Meir enn 5 år sidan

**Filter:** Spørsmål 8a blir stilt berre til deltakarar som har svart «meir enn 5 år sidan» på spørsmål 8.

**Spørsmål 8a:** Kvifor er det meir enn 5 år sidan du var hos tannlege? (sett eitt eller fleire kryss)

- Økonomiske årsaker
- Redsle/frykt
- Problem med transport/reiseveg
- Andre årsaker

**Spørsmål 9: Kor mange av dine tenner har du framleis? (eit fullt tannsett er 32 tenner, inkludert visdomstenner)**

- 9 eller fleire  
 8 eller færre

**FILTER:** Spørsmål 9a blir stilt berre til deltakarar som har svart «8 eller færre» på spørsmål 9.

**Spørsmål 9a: Brukar du tannprotese?**

- Ja  
 Nei

**Langvarig sjukdom/nedsett funksjon**

**Spørsmål 10: Har du langvarige sjukdommar, helseproblem eller nedsette funksjonar av noko slag? Vi tenkjer også på sjukdommar eller problem som varierer med årstidene eller som kjem og går. Med langvarig meiner vi at sjukdommen/problemet har vart, eller er venta å vare, i minst seks månader.**

- Ja  
 Nei

**FILTER:** Spørsmål 10a stilles kun til deltakere som har svart «Ja» på spørsmål 10.

**Spørsmål 10a: Korleis blir kvardagen din påverka av desse sjukdommane, helseproblema eller nedsette funksjonane?**

- I stor grad  
 I nokon grad  
 I liten grad  
 Ikkje i det hele tatt

**Psykisk helse**

**Spørsmål 11.1: I kva grad har du den siste veka vore plaga av nervøsitet eller indre uro?**

- Ikkje plaga  
 Litt plaga  
 Ganske mykje plaga  
 Veldig mykje plaga

**Spørsmål 11.2: I kva grad har du den siste veka hatt plager fordi du har kjent deg redd eller engsteleg?**

- Ikkje plaga  
 Litt plaga  
 Ganske mykje plaga  
 Veldig mykje plaga

**Spørsmål 11.3: I kva grad har du den siste veka vore plaga av tankar på at framtida kjennest håplaus?**

- Ikkje plaga

- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

**Spørsmål 11.4:** I kva grad har du den siste veka hatt plager fordi du har kjent deg nedstemt eller tungsindig?

- Ikkje plaga
- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

**Spørsmål 11.5:** I kva grad har du den siste veka hatt plager med bekymring eller uro?

- Ikkje plaga
- Litt plaga
- Ganske mykje plaga
- Veldig mykje plaga

### Tilbod i lokalsamfunnet

*Tenk på nærmiljøet ditt og kommunen din.*

**Spørsmål 12.1:** ~~Opplever du at offentlege bygg er lett tilgjengeleg?~~ ~~Opplever du at det er enkel tilgjenge til offentlege bygg?~~

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

**Spørsmål 12.2:** Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ kultur- og idrettstilbod (kino, spisestader, bibliotek, svømmehall, idrettshall etc) er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

**Spørsmål 12.3:** Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ butikkar og andre servicetilbod er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

**Spørsmål 12.4:** Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ offentlig transport er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei
- Veit ikkje

**Spørsmål 12.5:** Opplever du at ~~det er enkel tilgjenge til~~ grøntområde er lett tilgjengeleg?

- Ja
- Nei

Veit ikkje

**Spørsmål 12.6: Opplever du at det er enkelt for deg å bevege deg i og rundt din eigen bustad?**

- Ja  
 Nei  
 Veit ikkje

**Spørsmål 12.7: Opplever du at det er enkelt for deg å bevege deg i nærmiljøet ditt?**

- Ja  
 Nei  
 Veit ikkje

**Spørsmål 12.8: Opplever du at det er enkelt for deg å komme deg til natur- og friluftsområde?**

- Ja  
 Nei  
 Veit ikkje

**Spørsmål 12.9: Opplever du at det er enkelt for deg å finne og lese informasjon om offentlege tenester?**

- Ja  
 Nei  
 Veit ikkje

**Spesifikasjonsmerknad:** Dersom det let seg gjere, skal antall svar på spørsmål 13 begrensa til maksimalt fire.

**Spørsmål 13: Kva er viktig for at du skal trivast i nærmiljøet ditt? (maksimalt fire kryss)**

- At eg kjenner naboane mine  
 Å få vere i fred når eg ønskjer det  
 Å ha tilgang til butikk og spisestad i nærmiljøet  
 Å ha tilgang til ulike kommunale tenester (lege, skule, helsestasjon, NAV, etc)  
 At nærmiljøet er fint og blir godt halde ved like  
 Å ha tilgang til natur- og friluftsområde  
 Å ha tilgang til sjø og strand  
 Å ha utsikt til natur  
 Gode gang- og sykkelveggar  
 Enkelt å finne parkering  
 Tilgang til felles møteplassar

## Meistring og livskvalitet

**Spørsmål 14.1: Ser du ei løysing på problem og vanskar som andre oppfattar som håplause?**

- Ja, som oftast

- Ja, i blant
- Nei

**Spørsmål 14.2: Føler du at dagleglivet ditt er meningsfullt og givande?**

- Ja, som oftast
- Ja, i blant
- Nei

**Spørsmål 14.3: Opplever du at ting som hender i dagleglivet ditt er vanskelege å forstå?**

- Ja, som oftast
- Ja, i blant
- Nei

## Sosial støtte og einsemd

**Spørsmål 15.1: Kor mange personar står deg så nær at du kan rekne med dei dersom du har store personlege problem?**

- Ingen
- 1-2
- 3-5
- Fleire enn 5

**Spørsmål 15.2: Kor stor interesse viser andre for det du gjer? Vil du seie at dei viser...**

- Stor interesse
- Noko interesse
- Verken stor eller lita interesse
- Lita interesse
- Inga interesse

**Spørsmål 15.3: Det å få praktisk hjelp frå naboar om du skulle trenge det, er det...**

- Svært lett
  - Lett
  - Verken lett eller vanskeleg
  - Vanskeleg
  - Svært vanskeleg
- 

**Spørsmål 16.1: Kor ofte føler du at du saknar nokon å vere saman med?**

- Aldri
- Sjeldan
- Av og til
- Ofte
- Svært ofte

**Spørsmål 16.2: Kor ofte føler du deg utanfor?**

- Aldri

- Sjeldan
- Av og til
- Ofte
- Svært ofte

**Spørsmål 16.3: Kor ofte føler du deg isolert frå andre?**

- Aldri
- Sjeldan
- Av og til
- Ofte
- Svært ofte

## Deltaking i aktivitetar

**Spørsmål 17.1: Kor ofte deltek du i organisert aktivitet/ frivillig arbeid som f.eks. idrettslag, politiske lag, trussamfunn, kor **eller liknande?****

- Aldri
- 1-3 gonger per måned
- Kvar veke
- Dagleg

**FILTER: Spørsmål 17.1a stilles kun til deltakere som har svart «Aldri» på spørsmål 17.1.**

**Spørsmål 17.1a: Kvifor deltek du ikkje? (sett eitt eller fleire kryss)**

- Veit ikkje kva som foregår/ det er ikkje tilgjengeleg informasjon
- Kjenner ingen andre som er med
- Har ikkje tid
- Er ikkje interessert
- Føler meg ikkje velkommen i miljøet
- Det vert snakka eit språk eg ikkje meistrar
- Det er for dyrt
- Orkar ikkje/gidd ikkje

**Spørsmål 17.2: Kor ofte deltek du i annan aktivitet, som for eksempel klubb, møter, treffe venner, trimturar med venner/ kollegaer eller andre?**

- Aldri
- 1-3 gonger per måned
- Kvar veke
- Dagleg

**FILTER: Spørsmål 17.2a vert stilt berre til deltakarar som har svart «Aldri» på spørsmål 17.2.**

**Spørsmål 17.2a: Kvifor deltek du ikkje? (Sett eitt eller fleire kryss)**

- Veit ikkje kva som foregår/ det er ikkje tilgjengeleg informasjon
- Kjenner ingen andre som er med

- Har ikkje tid
- Er ikkje interessert
- Føler meg ikkje velkommen i miljøet
- Det vert snakka eit språk eg ikkje meistrar
- Det er for dyrt
- Orkar ikkje/gidd ikkje

### Fysisk aktivitet

**Spesifikasjonsmerknad:** For antall dagar, timer per dag og minuttar per dag tillates det kun **HELTALL**. For antall dagar er tillatte verdier 0 – 7, for antall timer per dag er tillatte verdier 0 – 24, for antall minuttar per dag er tillatte verdier 0 – 59.

Tenk på all svært anstrengande aktivitet du har drive med dei siste 7 dagane. Med «svært anstrengande» meiner vi aktivitet som krev hard innsats og får deg til å puste mykje meir enn vanleg. Ta berre med aktivitetar som varer i minst 10 minutt i strekk.

**Spørsmål 18.1:** Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane har du drive med svært anstrengande fysisk aktivitet som tunge løft, gravearbeid, aerobics, løp eller rask sykling?

\_\_\_\_\_

(HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)

**FILTER:** Spørsmål 18.1a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.1.

**Spørsmål 18.1a:** Kor lang tid brukte du vanlegvis på svært anstrengande fysisk aktivitet ein av desse dagane?

- \_\_\_\_\_ timar per dag
- \_\_\_\_\_ minutt per dag
- Veit ikkje/usikker

Tenk på all middels anstrengande aktivitet som du har drive med dei siste 7 dagane. Middels anstrengande aktivitet er aktivitet som krev moderat innsats og får deg til å puste litt meir enn vanleg. Ta berre med aktivitetar som varer minst 10 minutt i strekk.

**Spørsmål 18.2:** Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane har du drive med middels anstrengande fysisk aktivitet som å bere lette ting, jogge eller sykle i moderat tempo? Ikkje ta med gange.

\_\_\_\_\_

(OGSÅ HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)

**FILTER:** Spørsmål 18.2a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.2.



**18.2a: Kor lang tid brukte du vanlegvis på middels anstrengande fysisk aktivitet på ein av desse dagane?**

- \_\_\_\_ timar per dag  
 \_\_\_\_ minutt per dag  
 Veit ikkje/usikker

*Tenk på tida du har brukt på å gå dei siste 7 dagane. Dette inkluderer gange på jobb og heime, gange frå ein stad til ein annan, eller gange som du gjer på tur eller som trening på fritida.*

**18.3: Kor mange dagar i løpet av dei siste 7 dagane gjekk du i minst 10 minutt i strekk?**

\_\_\_\_\_

**(OGSÅ HER BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL)**

**FILTER: Spørsmål 18.3a stilles kun til deltakere som har oppgitt et tall >0 på spørsmål 18.3.**

**18.3a: Kor lang tid brukte du vanlegvis på å gå ein av disse dagene?**

- \_\_\_\_ timar per dag  
 \_\_\_\_ minutt per dag  
 \_\_\_\_ Veit ikkje/usikker

*Det neste spørsmålet omfattar all tid du sat i ro på vekedagar dei siste 7 dagane. Inkluder tid du sit på jobb, heime, på kurs og på fritida. Dette kan svare til tida du sit ved eit arbeidsbord, hjå venner, mens du les, eller sit eller ligg for å sjå på TV.*

**18.4: Kor lang tid brukte du på å sitte på ein vanleg kvardag dei siste 7 dagane?**

- \_\_\_\_ timar per dag  
 \_\_\_\_ minutt per dag  
 \_\_\_\_ veit ikkje/usikker

## Kosthald

**Spørsmål 19.1: Kor ofte et eller drikk du vanlegvis sukkerhaldig brus/leskedrikk?**

- Sjeldan/aldri  
 1-3 gonger per måned  
 1-3 gonger per veke  
 4-6 gonger per veke  
 Dagleg

**Spørsmål 19.2: Kor ofte et eller drikk du vanlegvis frukt og bær (ikkje rekn med juice eller fruktsaft)?**

- Sjeldan/aldri  
 1-3 gonger per måned

- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

**Spørsmål 19.3: Kor ofte et du vanlegvis grønsaker (inkludert salat)?**

- Sjeldan/aldri
- 1-3 gonger per måned
- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

**Spørsmål 19.4: Kor ofte et du vanlegvis fisk (som pålegg eller middag)?**

- Sjeldan/aldri
- 1-3 gonger per måned
- 1-3 gonger per veke
- 4-6 gonger per veke
- Dagleg

## Tobakk

**Spørsmål 20.1: Kor ofte røyker du? Rekn med både filtersigaretter og rulletobakk.**

- Dagleg
- Av og til
- Ikkje no, men tidlegare dagleg
- Ikkje no, men tidlegare av og til
- Har aldri røykt

**Spørsmål 20.2: Kor ofte brukar du snus?**

- Dagleg
- Av og til
- Ikkje no, men tidlegare dagleg
- Ikkje no, men tidlegare av og til
- Har aldri brukt snus

## Alkohol

*Så går vi over til spørsmål om alkohol. Vi tenkjer her på alle alkoholholdige drikker, som øl, vin, brennevin, rusbrus osv*

**Spørsmål 21: Har du nokon gong drukke alkohol?**

- Ja
- Nei

**FILTER: Spørsmålene 21a, 21b og 21c stilles kun til deltakere som har svart «Ja» på spørsmål 21.**

**Spørsmål 21a: I løpet av dei siste 12 månedene, kor ofte har du drukke alkohol?**

- Aldri
- Ein gong i månaden eller sjeldnare

- 2-4 gonger i månaden
- 2-3 gonger i veka
- 4 gonger i veka eller meir

**FILTER:** Spørsmålene 21b og 21c stilles kun til deltakere som IKKJE har svart «Aldri» på spørsmål 21.

*Éi alkoholeining tilsvavar éi lita flaske øl, ein liten boks øl, eitt glass vin eller éin drink:*

**Spørsmål 21b:** Kor mange alkoholeiningar tek du på ein "typisk" dag når du drikk alkohol?

- 1-2
- 3-4
- 5-6
- 7-9
- 10 eller fleire

*Éi alkoholeining tilsvavar éi lita flaske øl, ein liten boks øl, eitt glass vin eller éin drink:*

**Spørsmål 21c:** Kor ofte drikk du seks alkoholeiningar eller meir ved éin og same anledning?

- Aldri
- Sjeldnare enn ein gong i månaden
- Kvar månad
- Kvar veke
- Dagleg eller nesten dagleg

## Skadar

*Det følgjande spørsmålet gjeld nye skadar i ~~denne~~-perioden, og ikkje behandling av gamle skadar. 'Oppsøkt lege' inkluderer både fastlege, legevakt og kontakt med spesialisthelsetjenesta.*

**Spørsmål 22:** Har du i løpet av dei 12 siste månadane vore utsett for ein eller fleire skadar som førte til at du oppsøkte lege eller tannlege?

- Ja, ein
- Ja, fleire
- Nei

**FILTER:** Spørsmålene 22a stilles kun til deltakere som har svart «Ja, en» eller «Ja, flere» på spørsmål 22.

**Spørsmål 22a:** Var skaden eit resultat av ei... (sett eitt eller fleire kryss)

- Trafikkulykke
- Arbeidsulykke
- Ulykke på skule eller i utdanning
- Heimeulykke
- Fritidsulykke (utanfor organisert aktivitet).
- Ulykke i samband med organisert sport- og idrett
- Valdshandling
- Anna

## Støy

**Spørsmål 23.1:** Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy frå vegtrafikk når du er heime?

- Ikkje plaga  
 Litt plaga  
 Middels plaga  
 Mykje plaga  
 Svært mykje plaga

**Spørsmål 23.2** Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy frå andre kjelder når du er heime?

- Ikkje plaga  
 Litt plaga  
 Middels plaga  
 Mykje plaga  
 Svært mykje plaga

**FILTER:** Spørsmålene 24.3 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heltid», «Yrkesaktiv deltid» eller «Student/militærtjeneste» på spørsmål 2.

**Spørsmål 23.3:** Dersom du tenkjer på dei siste 12 månadene, kor plaga er du av støy på arbeid eller skule?

- Ikkje plaga  
 Litt plaga  
 Middels plaga  
 Mykje plaga  
 Svært mykje plaga

## Kroppshøgde og vekt

**Spesifikasjonsmerknad:** For spørsmål 24 og 25 tillates det kun **HELTALL**. For spørsmål 24 er tillatte verdier 50 – 250, for spørsmål 25 er tillatte verdier 25 – 500.

---

**Spørsmål 24:** Kor høg er du utan sko (i cm)?

\_\_\_\_\_ cm

**Spørsmål 25:** Kor mykje veg du utan klede og sko (i kg)?

(Dersom gravid, oppgje vekt før graviditeten)

\_\_\_\_\_ kg

## Sambuarstatus

**Spørsmål 26:** Er du gift/sambuar eller einsleg?  Gift/ sambuar

Einsleg

## Talet på personar i hushaldet

(PÅ SPM 27 og 27a BØR DET BRUKES RULLEGARDIN SLIK AT DE SOM SKAL SVARE TYDELIG SER AT DE KAN VELGE ALTERNATIVET NULL. KATEGORIENE KUNNE VÆRE NOE SLIKT SOM 0, 1, 2, 3, 4, 5, 6-10, 11 ELLER FLERE)

**Spørsmål 27:** Kor mange personar bur du saman med (Rekn berre med personar som du har felles hushald med og ikkje rekn med deg sjølv)?

**FILTER:** Spørsmålene 27a stilles kun til deltakere som gitt opp ett tall >0 på spørsmål 27.

**Spørsmål 27a:** Kor mange av desse har enno ikkje fylt 18 år?

## Økonomi

**Spørsmål 28:** Kan du (hushaldet) klare ei uforutsett utgift på 10 000 kr i løpet av ein måned, utan å måtte ta opp ekstra lån, bruke kreditt eller få hjelp frå andre?

- Ja  
 Nei

**Spørsmål 29:** Korleis opplever du at den økonomiske situasjonen din er, samanlikna med andre i Noreg?

- Har alltid hatt god råd  
 Har stort sett alltid hatt god råd  
 Har vanlegvis verken hatt god eller dårleg råd  
 Har alltid eller nesten alltid hatt dårleg råd

## Reisevanar til og frå jobb/skule

**FILTER:** Spørsmålene 30.1 og 30.2 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heldid», «Yrkesaktiv deltid», «Sykmeldt» eller «Student/militærtjeneste» på spørsmål 2.

**Spesifikasjonsmerknad:** For spørsmål 30.1 tillates det kun **HELTALL**. For spørsmål 30.1 er tillate verdier 0 – 999.

**Spørsmål 30.1:** Kor langt er det frå heimstaden til arbeidsplassen, skulen eller studiestaden (oppgje i km)?

**Spørsmål 30.2:** Korleis reiser du vanlegvis mellom heimen og arbeidet/skulen? (fleire svar er mogleg dersom du normalt kombinerer fleire reisemåtar til/frå)

- Går til fots  
 Sykkel/elsykkel  
 Privat motorkjøretøy (bil/motorsykkel)  
 Kollektivtransport

## Bustad

### Spørsmål 31.1: Kva slag bustad bur du i?

- Einebustad/villa
- Gardsbruk
- Blokk/leilegheit
- Rekkehus/2-4-mannsbustad
- Omsorgsbustad
- Institusjon (sjukeheim eller liknande)
- Annan type bustad

### Spørsmål 31.2: Kor nøgd eller misnøgd er du med bustaden din?

- Svært nøgd
- Nøgd
- Misnøgd
- Svært misnøgd

## Bustadområde

### Spørsmål 32: Bur du i...?

- Ein stor by?
- Ein forstad til, eller i utkanten av ein stor by?
- Ein mindre by?
- Ein tettstad?
- Område med spreidd busetting?

## Jobbsituasjon

**FILTER: Spørsmålene 33.1, 33.2, 33.3 og 33.4 stilles kun til deltakere som har svart «Yrkesaktiv heltid», «Yrkesaktiv deltid», eller «Sykmeldt» på spørsmål 2.**

**Kor einig eller ueinig er du i desse påstandane:**

**Spørsmål 33.1:** Eg har eit godt fysisk arbeidsmiljø;

- Heilt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Heilt ueinig
- Veit ikkje

**Spørsmål 33.2:** Eg har vanlegvis ein god balanse mellom arbeidsliv og privatliv;

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

**Spørsmål 33.3: Arbeidet mitt er sjeldan så belastande at det går ut over helsa mi**

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

**Spørsmål 33.4: Eg er alt i alt nøgd med jobben min**

- Helt einig
- Einig
- Verken eller
- Ueinig
- Helt ueinig
- Veit ikkje

**Fornøgd med livet****Spørsmål 34: Alt i alt, - når du tenkjer på korleis du har det for tida, er du stort sett nøgd med tilveret eller er du stort sett misnøgd?**

- Svært nøgd
- Ganske nøgd
- Både /- og
- Nokså misnøgd
- Svært misnøgd

**Har du nokon kommentarar?**

Hordaland fylkeskommune  
v/Eigedomsavdelinga

Dato: 14.02.2018  
Vår ref.: 2017/2682-68  
Saksbehandlar: mernord  
Dykkar ref.:

## **Universell utforming av fylkeskommunale bygg. Orientering om byggeplanar, aktiv deltaking i byggeprosjekt, byggekomitear, osv. i fylkeskommunal regi.**

Fylkeseldrerådet er, som kjent, eit lovbestemt samarbeidsorgan for fylkeskommunen. Rådet ønskjer, for å sikra at det får til handsaming alle byggesaker som omfattar/gjeld eldre, betre samarbeid med HFK si Eigedomsavdeling.

Rådet ønskjer oversikt over fylkeskommunale nybygg, endringar, modernisering, utforming med tanke på tilkomst, funksjon, osv. Vidare ønskjer rådet å bli informert om planar for nybygg og endringar, og å få delta aktivt i byggekomitear, utval, prosjekt, etc. med tanke på eldre og fylkeskommunale byggprosjekt. .

Fylkeseldrerådet håpar Eigedomsavdelinga har forståing for Eldrerådet sine ønskje når det gjeld fylkeskommunale bygg, og håpar på eit positivt svar.

Med venleg helsing  
f. Fylkeseldrerådet

Gunda Falao Sparre  
Fung. leiar

Kopi: Rådet for mennesker med nedsett funksjonsevne (RMNF)

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*





Arkivnr: 2017/17796-10

Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	42/18	14.03.2018
Fylkesutvalet		11.04.2018
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	8/18	21.03.2018
Fylkeseldrerådet i Hordaland	12/18	15.03.2018

## Endringar i regelverket for transportordninga for funksjonshemma

### Samandrag

På møte 26.10.2017 handsama fylkesutvalet sak om forslag til endringar i TT-ordninga. Fylkesutvalet vedtok å senda forslag til nytt reglement ut på høyring til kommunar og brukarorganisasjonar. I saka går ein gjennom høyringsuttalane og forslaga til endringar i reglementet. På bakgrunn av innspela frå høyringspartane og nye opplysningar i saka, vil fylkesrådmannen rå til at ein held fram med å dela brukarane i tunge og ordinære brukarar. I saka vert det lagt fram andre forslag til endringar som vil gje like rettar til brukarane uavhengig av alder, sosial status og buform. Det inneber at aldersskiljet ved 67 år fell vekk. Fylkesrådmannen rår og til at alle søkjarar som har fått stønad til bil gjennom folketrygda og/eller har fått grunnstønad til transport får halv kvote. Fylkesrådmannen rår vidare til at all sakshandsaming vert samla i fylkeskommunen.

**Økonomi:** Forslag til endringar vil gje noko høgare kostnader, men vil kunna dekkast innafor samferdselsbudsjettet.

**Klima:** Ingen verknad.

**Folkehelse:** TT-ordninga er eit godt folkehelseiltak. Endringane vil styrka ordninga.

**Regional planstrategi:** Ingen verknad.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fylgjande endringar i reglementet for Transportordninga for funksjonshemma.

1. Aldersskiljet ved 67 år for ordinære brukarar vert fjerna. Alle ordinære brukarar får ein årleg kvote på kr 5.500. Tiltaket vert sett i verk frå 1. juli 2018, med halv effekt for 2018.
2. Bortfall av godkjenning ved flytting på institusjon fell vekk.
3. Reduksjon av kvote ved at ektefelle/sambuar er med i ordninga samt ved bil i husstanden fell vekk.
4. Minstealder for godkjenning vert sett til 10 år.
5. Aldersgrense for livsvarig godkjenning fell vekk.
6. Brukarar som har fått stønad til bil gjennom folketrygda får halv kvote.
7. Brukarar som får grunnstønad til transport får halv kvote.
8. Godkjenningsperioden vert auka frå 4 til 5 år.
9. Det vert opna for at ein kan gje eitt års godkjenning i særskilde høve.
10. All sakshandsaming i transportordninga vert samla i fylkeskommunen.
11. Brukarkvotane for det einskilde år vert fastlagt i samband med budsjetthandsaminga.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Brev frå Austevoll kommune
- 2 Brev frå Norges Blindforbund
- 3 Brev frå SAFO Sørvest
- 4 Brev frå Bømlo kommune
- 5 Brev frå FFO Hordaland
- 6 Notat frå legenemnda
- 7 Brev frå Fylkeseldrerådet
- 8 Brev frå det fylkeskommunale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne
- 9 Brev frå Bergen kommune
- 10 Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland

## Fylkesrådmannen, 27.02.2018

### Innleiing

På møte i fylkesutvalet den 26. oktober 2017 vart forslag til endringar i TT-ordninga handsama, sak 256/2017, og det vart fatta slikt vedtak:

«Fylkesutvalet godkjenner at forslaget til nytt reglement vert sendt på høyring til kommunane og aktuelle brukarorganisasjonar og fylkeskommunale råd.»

Bakgrunnen for at saka vart lagt fram, var brev frå Likestillings- og diskrimineringsombudet der ein ba alle fylkeskommunane gå gjennom regelverket sitt og sjå til at ingen søkjar vart diskriminert m.o.t. å få ei individuell vurdering av søknaden. I saka vart det lagt fram forslag til nytt regelverk der det vart lagt opp til å endra kvotetildelinga slik at alle brukarane får lik kvote. Det var og forslag om andre endringar i regelverket for å fremja likehandsaming og effektivisera sakshandsaminga.

Saka vart sendt på høyring til kommunane i fylke, til brukarorganisasjonane og til det fylkeskommunale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og fylkeseldrerådet. Det har kome tilbakemelding frå 3 kommunar (Bergen, Bømlo og Austevoll), dei fylkeskommunale råda samt frå brukarorganisasjonane. Høyringssvara fylgjer vedlagt.

### Gjennomgong av høyringane

Det viktigaste temaet i saka var spørsmålet om korleis ein kan innretta regelverket for ikkje å koma i konflikt med ynskje frå Likestillings- og diskrimineringsombudet. Fylkesrådmannen sitt forslag var å gje ein lik grunnkvote til alle brukarane, og å gje eit tillegg til brukarar med elektrisk rullestol. Dette ville gjeve om lag 79% av brukarane ein høgare kvote og om lag 21% av brukarane ein redusert kvote. Alle høyringane har synspunkt på dette, og bortsett frå fylkeseldrerådet så er det ingen som støttar dette forslaget.

I høyringen frå [Norges Blindforbund](#) vart det lagt ved eit brev frå Likestillings- og Diskrimineringsombudet (LDO) til Norges Blindforbund dagsett 16.03.2016. Brevet oppsummerte eit møte mellom ombudet og Norges Blindforbund og FFO. Dette brevet var tidlegare ikkje kjent for fylkeskommunen. I brevet heiter det m.a.

Vi vil imidlertid presisere at verken ombudets eller nemndas uttalelse kan forstås slik at det ikke er grunnlag for at enkelte grupper får tildelt TT-reiser etter forhåndsdefinerte kriterier. Ombudet og nemnda fastslo at fylkeskommunen diskriminerte klager da den avslø søknaden om utvidet reiserett under TT-ordningen uten individuell vurdering av behovene hennes. Det var altså begrensningen i hvem som kan bli vurdert som berettiget til utvidet reiserett, som var det diskriminerende elementet i saken.

Alle som har behov for tilrettelagt transport på grunn av sin nedsatte funksjonsevne, må få mulighet til å få støtte til transport, herunder utvidet reiserett. Ombudet kan ikke se at diskrimineringsregelverket er til hinder for at fylkeskommunen både tildeler TT-reiser til noen forhåndsdefinerte grupper, og behandler øvrige søknader individuelt.

I høyringa peikar Norges Blindforbund på at sterkt synshemma personar er ei særleg sårbar gruppe som må prioriterast. Blindforbundet syner til brevet frå LDO og meiner at dette syner at det ikkje er grunn til å gjennomføra den omleggjinga som fylkesrådmannen legg opp til i forslaget til nye retningsliner. Blindforbundet ynskjer difor at ein held fram med å prioritera blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar, samstundes som ein gjev andre brukarar som har eit reelt behov for å bli prioritert rett til å få ei individuell vurdering. Blindforbundet sluttar seg elles til at sakshandsaminga vert lagt til fylkeskommunen og at aldersdifferensieringa vert oppheva samt at alle brukarane vert handsama likt utan omsyn til sosial status. Blindforbundet har heller ikkje merknad til at godkjenningsperioden aukar til 5 år.

FFO Hordaland peikar på at gode og tilrettelagte transportordningar er turvande for at funksjonshemma skal kunna leva eit sjølvstendig liv og ta del i samfunnet på lik line med andre. FFO meiner at no gjeldande ordning ikkje dekkar dei behova som personar med nedsett funksjonsevne har til transport. FFO sitt syn er at no gjeldande ordning med prioritering av tunge brukarar held fram inntil staten har på plass ekstra midlar til desse gruppene. Som ei fylgje av det må det opnast for individuell vurdering av søkjarane. FFO stiller seg bak forslaget til ny nedre aldersgrense for godkjenning og ny nedre aldersgrense for livsvarig godkjenning. Vidare at sakshandsaminga vert lagt til fylkeskommunen.

SAFO Sørvest er på line med Blindeforbundet og FFO i spørsmålet om val av ny modell, og rår til å halda fast på no gjeldande ordning med prioriterte brukarar, og at brukarar med størst behov for transporttenester får søknaden vurdert individuelt.

Fylkeseldrerådet går inn for ein modell med lik grunnkvote til alle og med ekstra kvote til brukarar med elektrisk rullestol. Eldrerådet er tilfreds med at det vert lagt opp til at brukarar som flytter på institusjon ikkje misser godkjenninga. Eldrerådet går vidare inn for at minstealder for livsvarig godkjenning vert heva til 85 år og at godkjenningsperioden vert auka frå 4 til 5 år. Eldrerådet støttar og at fylkeskommunen tek over all sakshandsaming.

Det fylkeskommunale rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) kan ikkje slutta seg til forslaget til ny modell før staten sin tilskotsordning til tunge brukarar også omfattar Hordaland. Rådet peikar på at dagens TT-ordning ikkje dekkar medlemmane sine behov for transport. Rådet sluttar seg til forslaget om å endra nedre grense for godkjenning og ny nedre grense for livsvarig godkjenning. Rådet støttar vidare forslaget om at all sakshandsaming vert lagt til fylkeskommunen.

Austevoll kommune v/eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne går inn for at det vert opna for individuell vurdering av søkjarar med særskilde behov for transport, framfor ein lik kvote for alle.

Bergen kommune tek ikkje stilling til om ordninga er fullt ut i samsvar med krav i Likestillings- og diskrimineringslova og/eller forbodet mot usakleg forskjellsbehandling, men ser det som positivt at forslaget til ny forskrift gjev enklare sakshandsaming og meir tenester til brukarane.

Bømlo kommune v/eldrerådet og råd for menneske med nedsett funksjonsevne støttar at den einskilde søkjar i større grad vert vurdert som eit sjølvstendig individ og at institusjonsbuarar får behalda godkjenninga. Det vert vidare peika på at personar med psykiske lidingar treng TT-kort for å kunna ta del i sosiale samanhengar. Det vert og trekt fram at eldre/einsame utan førarkort som bur i grisgrendte strok bør kvalifisera for TT-kort.

Den fylkeskommunale legenemnda har og kome med ein fellesuttale til høyringa. Legenemnda støttar at ein utvidar godkjenningsperioden frå 4 til 5 år, men at ein i tillegg innfører eitt års godkjenning når ein er i tvil om kor lenge sjukdommen/funksjonshemminga varer. Legenemnda ynskjer ikkje at det skal vera ei nedre aldersgrense for livsvarig godkjenning, men at ein gjev livsvarig godkjenning uansett alder når diagnosen/tilstanden tilseier det. Legenemnda støttar opp om det gjennomgåande prinsippet i forslaget til nye retningslinjer om at den einskilde brukar i større grad vert vurdert som sjølvstendig individ.

### **Fylkesrådmannen sine vurderingar.**

I høyringane har det vore mest fokus på to forhold; forslaget om å samordna kvotane og forslaga om å sikra individuell vurdering av søkjarane. Forslaget om å samordna kvotane har ikkje fått støtte i høyringsrunden, medan forslaget om å i større grad handsama søkjarane på individnivå har fått full støtte. I det fylgjande går fylkesrådmannen gjennom dei ulike endringsforslaga.

### Differensiering av kvotane

Fylkesrådmannen sitt forslag gjekk ut på å tildela eins kvote til alle brukarane. Dette ville gjeve dei ordinære brukarane ein høgare kvote, medan dei tunge brukarane ville fått ein redusert kvote. Dette tilhøvet vil endra seg når fylkeskommunen får tildelt midlar frå den statlege tilskotsordninga til tunge brukarar. Det er ikkje kjent når fylkeskommunen kan få løyving gjennom denne ordninga.

Gjennom høyringsrunden er fylkeskommunen gjort kjent med eit brev frå frå Likestillings- og Diskrimineringsombudet (LDO) til Norges Blindforbund dagsett 16.03.2016. Brevet oppsummerte eit møte mellom ombudet og Norges Blindforbund og FFO. I brevet konkluderar ombudet med at ein ikkje kan sjå at diskrimineringsregelverket er til hinder for at fylkeskommunen både tildeler TT-reiser til førehandsdefinerte grupper, og handsamar øvrige søknadar individuelt. Fylkesrådmannen tolkar dette som at ein kan halda fram med differensierte kvotar til grupper av brukarar, slik ein har det i dag, men at ein må opna for å føreta individuell vurdering av kvotebehovet i særskilde høve eller når eit vedtak vert påklaga. Dette inneber at ein ikkje må føreta individuell vurdering av alle søkjarane, noko fylkesrådmannen er heilt klår på at ikkje let seg gjennomføra innafor dei administrative og økonomiske rāmene som er til rådvelde for transportordninga.

På bakgrunn av tilbakemeldingane frå høyringspartane og presiseringa frå LDO vil fylkesrådmannen rå til at ein held fram med eigne, og høgare, kvotar for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar. Inntil vidare vil kvotane vera som i dag med kr 7.500 for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar med manuell rullestol og kr 9.500 for brukarar med elektrisk rullestol. Når/viss fylkeskommunen kjem med i den statlege ordninga for tunge brukarar, vil dette medføra at fylkeskommunen går inn i ordninga med eit tilskotsnivå som ligg om lag 6,9 mill kr over det ein ville gjort om ein hadde samordna kvotane slik forslaget var i høyringa.

### Nedre aldersgrense for å bli godkjent som brukar.

Fylkesrådmannen sitt forslag var å auka nedre aldersgrense frå 9 år til 10 år. I høyringa har det ikkje kome merknader til dette, og ein legg difor til grunn at ny nedre aldersgrense vert 10 år.

### Aldersgrense for å få livsvarig godkjenning

I gjeldande reglement er aldersgrensa for å få livsvarig godkjenning 80 år. Fylkesrådmannen gjorde framlegg om å auka denne til 85 år. Legenemnda meiner at det ikkje er turvande å ha ei aldersgrense for livsvarig godkjenning, ettersom ein til ei kvar tid vurderer den einskilde søknad med omsyn til godkjenningsperiode. Det vil vera mogeleg å gje livsvarig godkjenning uansett alder, og 51% av brukarane har alt livsvarig godkjenning. Fylkesrådmannen vil rå til at ein tek ut punktet om aldersgrense for livsvarig godkjenning i reglementet.

### Samordning av kvotane for alder, bil i husstanden, institusjonsbuarar og gifte/sambuande

I forslaget til nytt reglement vart det lagt opp til at ein ikkje skulle differensiera kvotane på grunn av alder, sosial status og buform. Desse tiltaka er det støtte for i høyringane. Fylkesrådmannen legg difor opp til at aldersdifferensieringa ved 67 år vert fjerna, og at alle ordinære brukarar får ein lik kvote på kr 5.500 per år.

Vidare vert det lagt opp til at ein ikkje lenger misser godkjenninga når ein flytter på institusjon. I dag opprettheld tunge brukarar godkjenninga når ein flytter på institusjon, medan ordinære brukarar misser den. Det er ikkje rimeleg å skilja mellom tunge og ordinære brukarar på dette området, og i tillegg er det ei arbeidskrevjande sakshandsaming med varsling og vedtak om opphøyr som brukar. Det er og ofte mangelfull varsling frå kommunane om når ein brukar vert institusjonsbuar. Den økonomiske effekten av dette tiltaket er truleg liten, då erfaringa er at institusjonsbuarar har dårleg kvoteutnytting.

I gjeldande reglement får gifte og sambuande redusert kvoten med 25%. Dette gjeld ikkje når ein er definert som tung brukar. I forslaget til nytt reglement var det lagt opp til å ta ut denne avgrensinga i kvote som er der p.g.a. sosial status. I høyringsuttalane er ein generelt positiv til at søkjarar vert vurdert utan bindingar til utanforliggjande tilhøve.

I forslaget til nytt reglement vart det lagt opp til å endra vilkåret om bil i husstanden. I noleggjeldande reglement heiter det at «den som har tilgong til bil i husstanden» får redusert kvoten med 25%. I forslaget som vart sendt til høyring var det endra til «når ein disponerar eigen bil» vert kvoten redusert med 50%.

Fylkesrådmannen har sett nærare på dette forslaget, og finn at det har svake sider. Ein er avhengig av at brukaren gjev rette opplysningar på søknadsskjemaet og at ein fylgjer opp med å rapportera endra status. Per dags dato er det 1577 brukarar som har redusert kvote p.g.a. ektefelle med i ordninga eller bil i husstanden. Me har ikkje eksakte tal for fordelinga mellom desse faktorane, men ut frå erfaring vurderer me at bil i husstanden utgjer om lag 1/3 av totalen. Med ytterlegare innskjerping til «eigen bil» vil talet verta ytterlegare redusert. Det vil forenkla regelverket og sakshandsaminga å ta vekk denne regelen, og den økonomiske effekten er liten. Fylkesrådmannen rår til å ta dette punktet ut.

#### Stønad til bil gjennom folketrygda

I samsvar med gjeldande reglement vert ein ikkje godkjent som ordinær brukar viss ein har fått stønad til bil gjennom folketrygda. Dette gjeld ikkje for tunge brukarar. For å sikra lik handsaming av alle brukarane var forslaget å opna for at alle som har fått stønad til bil gjennom folketrygda kan søkja om godkjenning i TT-ordninga, men at ein berre vert tildelt halv kvote. Dette punktet er ikkje kommentert i nokon av høyringssvara. Fylkesrådmannen rå til at dette vert innarbeidd i nytt reglement.

#### Grunnstønad til transport

I gjeldande reglement er det ikkje teke omsyn til om ein har fått tildelt grunnstønad til transport ved tildeling av kvote. Gjennom folketrygda kan funksjonshemma og personar med sjukdom få grunnstønad til m.a. transport. Grunnstønaden er inndelt i 6 satsar frå kr 8.136 til kr 40.596 per år. Minstesatsen er kr 678 per mnd. I forslaget til nytt reglement vart det lagt opp til at dei som har fått grunnstønad til transport får halvert brukarkvote. Andre fylkeskommunar har alt innført ei slik ordning. Forslaget er ikkje kommentert i nokon av høyringsuttalane. I nytt reglement legg fylkesrådmannen til grunn at søkjarar med grunnstønad til transport får redusert brukarkvoten med 50%. Dette gjeld alle brukarar. Endringa vert innført ved nye søknader og ved fornying av søknad.

Brukarane kan kun få ein reduksjon i brukarkvote.

#### Oversikt over forslag til endringar i nytt reglement.

Yting/reglar	Gjeldande reglement	Nytt reglement/føresegn
Kvote for blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukarar	Kr 7.500	Kr 7.500
Kvote for rullestolbrukarar med elektrisk rullestol	Kr 9.500	Kr 9.500
Kvote for ordinære brukarar over 67 år.	Kr 4.500	Kr 5.500
Kvote for ordinære brukarar under 67 år.	Kr 5.500	Kr 5.500
Giftede eller sambuarar som begge er med i transportordninga.	25% redusert kvote	Får full kvote
Når det er bil i husstanden	25% redusert kvote	Utgår frå reglementet
Bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter	Kvote + kr 1.000	Kvote + kr 1.000
Minstealder for å bli godkjent brukar	9 år	10 år
Minstealder for å få livsvarig godkjenning	80 år	Utgår frå reglementet
Brukar flytter på institusjon	Misser godkjenninga (gjeld ikkje tunge brukarar)	Alle opprettheld godkjenninga
Får stønad til bil gjennom folketrygda	Vert ikkje godkjent som TT-brukar med mindre ein er tung brukar	Alle kan bli godkjent som TT-brukar med 50% redusert kvote
Får grunnstønad til transport	Påverkar ikkje kvoten	Får 50% redusert kvote

Tidspunkt for gjennomføring av regelendringar

Fylkesrådmannen legg opp til at endringar i grunnkvote finn stad ved neste kvoteskifte – 1. juli 2018. Vidare vert det teke sikte på å korrigerer kvotane p.g.a. endra vilkår for gifte/sambuande og bilhald innan same tidspunkt. Dei andre endringane legg ein opp til å innføra ved ny søknad og ved fornying av godkjenning.

Føreta all sakshandsaming i fylkeskommunen

Sakshandsaminga finn no stad både i kommunane (utanom Bergen) og i fylkeskommunen. Fylkeskommunen gjer all sakshandsaming for søkjarar frå Bergen kommune. Kommunane handsamar søknader med positiv tilråding når dei kjem frå legenemnda. Søknader med negativ tilråding frå legenemnda og klagesaker vert handsama av fylkeskommunen. I forslaget la fylkesrådmannen opp til at all sakshandsaming skal finna stad på samferdselsavdelinga, og grunn gav dette m.a. med at ein då vil få meir rasjonell og lik sakshandsaming, kommunane vert handsama likt, og søkjarane slepp å halda seg til to offentlege etatar. Det vert i tillegg arbeid med digitaliserte løysingar for dokumentflyten i sakshandsaminga, og i ein slik samanheng er det klare føremoner å ha all sakshandsaming samla på ein stad. I høyringsuttalane vert det støtta opp om dette. Med auka digitalisering av søknadsprosessen, skal det lete seg gjere å handsame alle sakane utan å auke bemanning.

Endra godkjenningsperiode

Gjeldande godkjenningsperiode er 4 år for varig godkjenning og 2 år for mellombels godkjenning. Mellombels godkjenning vert nytta når det er gode utsikter til betring av tilstanden eller det er tvil om kor lenge tilstanden vil vara. I forslaget til nye retningslinjer er godkjenningsperioden for varig godkjenning auka til 5 år. Fylkesrådmannen finn dette tenleg både for brukaren og for sakshandsaminga. Ingen av høyringsuttalane har merknader til dette. Legenemnda ynskjer i tillegg å kunne gje eitt år godkjenning. Dette kan gjelda i særlege kasus der det ikkje er tvil om at søkjaren kvalifiserar for godkjenning men det er tvil om tilstanden er av varig karakter, samt ved alvorleg kortvarig sjukdom. Fylkesrådmannen finn å kunna gå inn for dette.

Fastsetjing av årlege kvotar som ein del av budsjettvedtaket

I gjeldande reglement, som er godkjent av fylkesutvalet, er kvotane fastlagte. Kvotane kan difor ikkje endrast utan ei ny politisk sak. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil ein vera tent med eit meir fleksibelt system for fastsetjing av kvote. Viss ein gjer dette i samband med budsjettvedtaket, kan ein lettare tilpassa kvotane til det reelle forbruket og til den fylkeskommunale økonomien. Norges Blindforbund er negativ til dette i det ein fryktar at kvotane kan bli endra til det verre frå år til år. Etter fylkesrådmannen si vurdering er dette ei ubegrunna frykt. Fylkesrådmannen vil likevel leggja til at dersom den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen tilseier det, så må ein stå fritt til å vurdere storleiken på alle tilskotsordningar.

Økonomiske fylgjer av forslag til endringar.

Bortfall av ulik kvotestorleik p.g.a. alder vil føra til at ei stor gruppe brukarar får høgare kvote. Per d.d. utgjer gruppa over 67 år 8.800 brukarar. Med føresetnad om 55% utnytting av kortet vil dette på årsbasis gje ein auke kostnad på 4,8 mill kr. Dersom dette vert gjort gjeldande frå 01.07.2018 kan kostnaden verta på om lag 2,4 mill kr inneverande år. Ettersom utnyttingsgraden går ned med alderen, er dette truleg i overkant av det som vert det endelege resultatet. I forslaget ligg det vidare at ein fjernar 25% kvotereduksjon for gifte/sambuande og brukarar med bil i husstanden. Denne endringa får verknad for 1.577 brukarar, og kan gje ytterlegare 0,4 mill kr i budsjettmessig effekt. I tillegg vil forslaget om å vidareføra godkjenninga for ordinære brukarar når ein flytter på institusjon få ein viss økonomisk effekt.

Forslaget vil og gje innsparingar, ved at alle som har fått stønad til bil gjennom folketrygda, samt dei som har fått grunnstønad til transport får 50% reduksjon i kvoten. Når dette tiltaket vert gjennomført ved nye søknader og ved fornying av godkjenning, så vil den merkbare effekten fyrst koma etter ei tid, men det vil ha ein viss positiv budsjetteffekt alt inneverande år.

Det har vore eit fallande forbruk i TT-ordninga dei siste åra. Budsjettet vart difor redusert med 1,5 mill kr i 2018. Når no rekneskapen for 2017 ligg føre, ser ein at forbruket har gått ytterlegare ned i tredje tertial 2017. Det vil difor vera rom i budsjett 2018 for dei tiltaka som fylkesrådmannen gjer framlegg om.



## Austevoll kommune

Hordaland fylkeskommune  
Samferdselavdleing

Dato	Sakshandsamar	Vår ref.	Dykkar ref.
18.12.2017	Norunn Malene Storebø	17/1360 - 4	

### **Melding om vedtak Høyring om forslag om endringar i TT-ordninga**

*Eldrerådet i Austevoll kommune handsama saka i møte 28.11.17 – sak 048/17 og gjorde slikt vedtak:*

*Eldrerådet tek endringar i TT ordninga til etterretning, det kan vere omfattande og kostbart med individuell behandling, men ein ser at behovet for individuell behandling er til stades særskilt for dei som har størst behov for støtte på grunn av enslighet og lang avstand til butikk. Etc.*

Spørsmål til saka kan rettast til Norunn Malene Storebø tlf. 55 08 10 00 eller til [postmottak@austrvoll.kommune.no](mailto:postmottak@austrvoll.kommune.no).

Med helsing

Ordførar

**Mottakarar av brevet:**  
Hordaland fylkeskommune      Samferdselavdleing



## Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak

(Forvaltningslova § 27 tredje og fjerde ledd)

<b>Mottakar</b> <b>Austevoll kommune</b> <b>5392 Storebø</b> <b>Epost: postmottak@austevoll.kommune.no</b>	<b>Dato</b>	<b>Klageinstans</b>
<b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De ynskjer å klaga over vedtak De har fått melding om.</b>		
<b>Kven kan De senda klagen til</b>	Klagen skal først sendast til avsendaren av denne meldinga. Dersom dette organet ikkje endrar vedtaket som følge av klagen, vil den bli sendt vidare til klageinstansen for avgjerd. Dersom vedtaket er gjort av kommunale eller fylkeskommunale organ, er klageinstansen kommunestyret eller fylkestinget, eller det organet desse har gjeve det til. Dersom vedtaket er gjort av kommunestyret eller fylkestinget, er klageinstansen kommunaldepartementet eller det organ det har gjeve myndet til.	
<b>Fristen til å klage</b>	<b>Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram.</b> Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vera uklart for oss om De har klaga i rett tid, ber vi om at De oppgjev når denne meldinga kom fram. Dersom klagen vert sendt for seint, er det høve til å sjå bort frå den. Om De har særleg grunn til det, kan De likevel søkja om å få forlenga klagefristen. De bør då i tilfelle nemna grunnen til forseinkinga.	
<b>Rett til å krevja grunngeving</b>	Dersom De ikkje alt har fått grunngeving for vedtaket, kan De setja fram krav om å få det. Slik krav må setjast fram i løpet av klagefristen. Klagefristen blir i så fall avbroten, og ny frist tek til å gå frå det tidspunkt De mottok grunngevinga.	
<b>Innhald i klagen</b>	Klagen skal nemna det vedtaket det vert klaga på, og den eller dei endringar som De ynskjer. De bør også nemna Dykkar grunn for å klaga og eventuelle andre opplysningar som kan ha noko å sei for vurderinga av klagen. Klagen må underteiknast.	
<b>Utsetjing av vedtaket</b>	Sjølv om De har klagerett, kan vedtaket vanlegvis gjennomførast straks. De har likevel høve til å søkja om å få utsett iverksetjinga av vedtaket til klagefristen er ute eller klagen er avgjort.	
<b>Rett til å sjå dokument i saka og til å krevja rettleiing</b>	Med visse avgrensingar har De rett til å sjå dokumenta i saka. De må i tilfelle venda Dykk til det forvaltningsorganet som har sendt denne meldinga. Der kan De også få nærare rettleiing om høvet til å klaga, om framgangsmåten ved klage og om reglane for sakshandsaminga elles.	
<b>Kostnader ved klagesaka</b>	De kan søkja om dekking av utgifter til naudsynt advokatbistand etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld imidlertid normalt visse inntekts- og formuegrenser. Fylkesmannen sitt kontor eller vedkomande advokat kan gje nærare rettleiing. Det er også særskilt høve til å krevja dekking av vesentlege kostnader i samband med klagesaka, t.d. til advokatbistand. Dersom vedtaket er blitt endra til beste for ein part, er det også høve til å søkja dekking for vesentleg kostnader i samband med saka. Klageinstansen vil om naudsynt orientera Dykk om retten til å krevja slik dekking for sakskostnadene.	
<b>Klage til Sivilombodsmannen</b>	Det er også mogleg å klaga til Stortinget sin ombodsmann for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen har ikkje høve til å handsama saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De no får Dykkar klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De difor ikkje seinare bringa saken inn for Sivilombodsmannen.	
<b>Særlege opplysningar:</b>		



Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Agnes Mowinckelsgate 5  
PB 7900, 5020 BERGEN  
[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Norges Blindforbund Hordaland  
Rasmus Meyers allé 5  
5015 BERGEN

28. desember 2017

## Høringsinnspill på Forslag til endringer i TT-ordninga

### Innledende kommentarer:

#### **Hvorfor ikke spørre oss direkte?**

Norges Blindforbund Hordaland ønsker med dette å inngi høringsuttalelse til Fylkesrådmannens innspill på endring av TT-ordningen i Hordaland. Vi undrer oss over at invitasjon til høringsinnspill kun gikk til paraplyorganisasjonene FFO og SAFO og til Fylkesrådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Endringsforslaget er alvorlig for de som til nå har vært prioriterte brukere, og dette omfatter blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukere. Det ville derfor være naturlig at invitasjonen også gikk direkte til denne gruppens brukerorganisasjoner.

#### **Fylkesrådmannens tre forslag til endring**

Fylkesrådmannen legger frem tre forslag i «god dag Herr statsråd»-stil. Forslag 3 er umulig fordi det innebærer en ren aldersdiskriminering. Forslag 2 er umulig fordi administrasjonen vil knele om hver eneste person som søker TT-kort skal behandles individuelt. Forslag 1 står da igjen som det eneste mulige, selv om også dette forslaget, som vi skal begrunne under, bunner i en misforståelse og i realiteten er diskriminerende.

#### **Vårt alternative forslag 4**

Det gode forslaget, forslag 4, er det som kommer her: Det avgjørelsen til LDO betyr er, at Hordaland fylkeskommune må åpne for at også andre søkere enn rullestolbrukere og sterkt synshemmede, kan få bli prioriterte brukere. De som faller utenfor dagens gruppe av prioriterte brukere, må vurderes individuelt etter om de har like store funksjonsnedsettelse og like stort transportbehov som blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukere. Etterhvert vil det kanskje peke seg



ut nye grupper? Uansett, viser det seg etter individuell vurdering, at disse menneskene har et like stort transportbehov må de få bli prioriterte brukere. Og dette vil ikke koste mye. Fylkesrådmannen oppgir selv at de som i størst grad bruker denne ordningen er mennesker med alderdomsutfordringer. Disse vil ikke ha like store og langvarige transportbehov som dagens prioriterte grupper. Vi anslår at de 1,5 millioner kronene som ble kuttet i budsjettet for TT i 2018, mer enn dekker de økte utgiftene til saksbehandling som må til for å møte LDO sine forventninger. Blindforbundet Hordaland stiller seg uforstående til at fylkesrådmannen ikke har utredet alternativ 4.

### **Sterkt synshemmede er en særlig sårbar gruppe og må prioriteres**

Tilrettelagt transport – TT, er ingen luksus. Blinde og andre sterkt synshemmede er i en særstilling i forhold til andre grupper på flere måter. For det første kan denne gruppen ikke kjøre bil selv. For det andre innebærer det å ikke se, eller nesten ikke se, store problemer med å ta seg rundt. Noen kan klare å ta buss, men om en må gå av på et annet busstopp enn det en har «lært», vil det for de fleste ikke være mulig å finne frem. Og det er begrenset hvor mange stopp og veier en klarer å pugge. Så svært ofte, må derfor sterkt synshemmede benytte seg av taxi for å komme frem til rett hus. I tillegg trenger sterkt synshemmede å handle varer og slikt, på lik linje med resten av befolkningen. Når høyre hånd er opptatt med stakk eller hund er det faktisk begrenset hvor mye en klarer å bære i den andre hånden/på ryggen. Tilrettelagt transport er avgjørende for livskvaliteten for blinde og sterkt synshemmede.

Norges Blindforbund har helt nylig bidradd til et forskningsarbeid utført av Nasjonalt kompetansesenter for vold og traumatisk stress, som viser at blinde og svaksynte har mye høyere forekomst av psykiske utfordringer enn befolkningen for øvrig. De foreløpige tallene er rystende. 3 til 4 ganger flere sterkt synshemmede enn resten av befolkningen er deprimert og 60% føler seg isolerte og savner ofte eller av og til, noen å være med. Et kutt i TT, som for blinde/sterkt svaksynte ofte er avgjørende for å komme seg ut av hjemmet, vil forsterke isolasjon og påføre ytterligere psykisk belastning på en gruppe som allerede er svært sårbar.

Et kutt i TT-ordningen for denne gruppen vil også føre til økende avhengighet av familie, venner eller andre støttepersoner. For å unngå å være en belastning for sine nære omgivelser velger mange bort å være sosiale, hvis det innebærer at de må hentes og bringes. Hvis den synshemmede har barn eller en eldre slektning som skal følges opp, vil det innebære svært begrensede muligheter for dem som er avhengig av TT til å ha vanlige relasjoner som å være mor, far, tante eller følge opp sin forelder på sykehjem. Senkes dette beløpet ytterligere, blir det enda verre.

Slik Blindforbundet i Hordaland ser det er det fem hovedutfordringer med Fylkesrådmannens forslag 1 til endringer i TT.

### **1. Fylkesrådmannens motivasjon for å endre TT-ordningen bygger på en misforståelse**

I sammendraget og bakgrunn for Fylkesrådmannens sak står følgende:

«Likestillings- og diskrimineringsombudet har bedt fylkeskommunane om å sjå til at regelverket for TT-ordningane ikkje hindrar individuelle vurderingar av søknader».

«I Hordaland er det ikkje individuelle behovsvurderingar. Dei godkjente brukarane vert plassert i grupper som t.d. over/under 67 år, rullestolbrukarar, blinde, og vert tildelt like kvotar utan omsyn til individuelle behov. I samsvar med ynskje frå Likestillings- og diskrimineringsombudet vert det gjennom denne saka lagt opp til å endra retningslinene slik at dei ikkje er i konflikt med *Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven*».

Selve grunnlaget for å endre på regelverket angående TT er bygget på en misforståelse etter at Likestillings og diskrimineringsombudet – LDO, klaget på saksbehandling av et avslag på TT i Akershus fylke. Akershus svarte med å endre regelverket i tråd med det Fylkesrådmannen i Hordaland nå ønsker. LDO sendte da et oppklarende brev der de presiserer sitt eget vedtak slik:

«Alle som har behov for tilrettelagt transport på grunn av sin nedsatte funksjonsevne, må få mulighet til å få støtte til transport, herunder utvidet reiserett. Ombudet kan ikke se at diskrimineringsregelverket er til hinder for at fylkeskommunen både tildeler TT-reiser til noen forhåndsdefinerte grupper, og behandler øvrige søknader individuelt».

Poenget fra LDO er at et avslag på TT ikke kan gis med begrunnelse at søkeren *ikke* passer inn i fylkeskommunens forhåndsdefinerte grupper. Hvis søkeren ikke oppfyller kriteriene for å være i disse forhåndsdefinerte gruppene, *må* søkerens sak behandles individuelt. Dette betyr *ikke* at fylkeskommunen for å lette sin saksbehandling, ikke kan dele TT-brukerne inn i større grupper etter de kriteriene som er hensiktsmessig.

Det er fra LDOs side ingen grunn til den omleggingen Fylkesrådmannen nå legger opp til.

## **2. Brukerkvoter som fastsettes over budsjettet fra år til år er for uforutsigbare**

Fylkesrådmannen foreslår at kvotene til TT, som nå er faste og forutsigbare fra år til år, i fremtiden skal fastsettes over budsjettet og slik variere med fylkeskommunens økonomiske situasjon. Dette er alt for uforutsigbart. Det er lett å tenke seg at TT vil bli sett på som en salderingspost. Dette har jo vært tilfelle i år, der manglende bruk av TT-midlene har ført til et reelt nedtrekk i 2018-budsjettet. I stedet for å spørre seg «Hva er det vi gjør feil? Hvorfor bruker ikke folk TT-kortene sine?», blir manglende bruk tolket som om at TT er overdimensjonert. Dette er slett ikke tilfelle. Vi viser til punkt 5 i dokumentet her, som sier noe om hva kvoten faktisk dekker av turer ut av hjemmet i løpet av et år.

## **3. Det som ikke er likt kan ikke behandles likt, da blir det fort diskriminering**

Vi i Blindforbundet Hordaland har stor sympati for ønsket om å ikke diskriminere, da vi i det daglige opplever diskriminering på grunn av vår synsnedsettelse. Men nå er det en gang slik, at ulike mennesker har ulike behov. Da vil det være uklokt om alle menneskers behov skulle bli møtt på samme måte. Selv om en synshemmet trenger ledsaging er det ikke diskriminering om mennesker som ser normalt ikke får synsledsaging. Rådmannens forslag er å ikke diskriminere ved å *ikke* ta hensyn til at vi er forskjellig, og det er faktisk å diskriminere slik vi ser det.

Å være funksjonshemmet et helt liv er HELT annerledes enn å oppleve alderdomssvekkelse. En 27 år gammel synshemmet småbarnsfar skal leve hele livet sitt som synshemmet. En 90 år gammel kvinne som har brukket lårhalsen har ikke de samme behov. Men, i fylkesrådmannens forslag skal de behandles likt. Den funksjonshemmede 27 åringen kommer mye dårligere ut enn en 27 åring uten en funksjonsnedsettelse. Mens den 90 år gamle kvinnen ikke kommer så veldig mye dårlige ut enn andre 90 åringer. Diskriminering er ifølge Store Norske leksikon, usaklig eller urimelig forskjellsbehandling på grunn av nedsatt funksjonsevne. Fylkesrådmannens forslag diskriminerer funksjonshemmede når unge funksjonshemmede behandles likt med mennesker med alderdomssvekkelse.

## **4. Fylkesrådmannens utregninger gir et feil bilde av ordningen.**

Det er tre måter fylkesrådmannens utregninger av antall turer i dagens ordning og antall turer i en eventuell ny ordning er misledende på.

For det første er tallene presentert misledende. Fylkesrådmannen regner på turer uten moms. Mens synshemmede faktisk betaler moms på turene. Det betyr at fylkesrådmannen får pengene til å rekke ti prosent lenger enn de faktisk gjør.

For det andre er det ikke slik at gjennomsnittet av det en tur koster forteller noe særlig. Det mangler for eksempel tall fordelt på alder og det mangler også tall for gjennomsnittspris innenfor de ulike gruppene. Vi vet at mange synshemmede velger å betale 50% egenandel på turene for å få TT-kortet til å vare lenger. Det vil føre til at disse turene vil bli registrert som at de koster mye mindre enn de faktisk koster. Og når rådmannen på toppen av det hele trekker fra momsen, blir regnestykket helt feil.

For det tredje er TT ordningen veldig forskjellig etter hvor en bor. Det er stor forskjell på å bo i Bergen sentrum og å bo ute i distriktet i Hordaland. Vel og merke har en distriktsboer litt ekstra på kortet sitt, men vi trenger ikke dra langt ut på Askøy eller i Os for, at den ekstra tusenlappen skal bli brukt opp fortere enn noen kan si lørdagshandel, eller oppfølging av skolebarn. Hvis en da er så uheldig at en bor enda mer gravgrendt, vil nedtrekket for en i den prioriterte gruppen bety, at alt som skal ordnes utenfor hjemmet må ordnes på fire TT-turer i året. Da bor du for eksempel i Voss kommune. Fire turer kan du være selvstendig, fire turer frem og tilbake til butikken, eller til fotballtrening med poden. Tretten i Bergen, fire på Voss.

Dette er grunnen til at den nasjonale ordningen staten nå driver og ruller ut, består av turer, ikke pengebeløp. Pengebeløp slår nemlig svært urettferdig og diskriminerende ut i et sentrum-periferi-perspektiv. Dette bringer oss over på den fjerde hovedutfordringen.

## **5. En eventuell nasjonal ordning er ikke relevant**

Vi i Blindforbundet Hordaland har arbeidet hardt for at Hordaland skal levere gode søknader om å få bli med i den nasjonale prøveordningen for TT med 200 turer til synshemmede og rullestolbrukere. Med årets budsjettforlik vil denne ordningen bli utvidet til totalt syv fylker, og vi oppfordrer Hordaland sterkt til å søke på nytt om å få bli med i ordningen. Men, per i dag har Norge 19 fylker, så vi er langt fra en fullverdig nasjonal ordning. Om fylkesrådmannens tanke om at det ikke er så farlig, og at den nasjonale ordningen sikkert kommer innen «rimelig tid», så kan det bli en beslutning som kan gå hardt ut over livet til synshemmede i Hordaland i urimelig tid (årevis).

200 turer i året høres mye ut. For å illustrere kan du se for deg, du er 32 år og har hatt foreldresamtale med fjerdeklassingen din på skolen, eller du er 72 år og har besøkt din kone på sykehjemmet der hun er på avlastning på grunn av slag. Da har du brukt opp halvparten av turene ut av huset den uken. Dette er realiteten med 200 turer i året. Er det for mye forlangt? Det synes ikke vi. Se da for deg, at du bor på Voss og blir fortalt at du er så overprioritert at du skal gå ned fra syv til fire turer *i året!*

Vi finner det også noe underlig at Fylkesrådmannen velger å argumentere med denne eventuelt kommende nasjonale ordningen. *For ordningen er nettopp en prioritering av to grupper, og bare to grupper, rullestolbruker og synshemmede.* Det vil si mennesker som lever hele livet sitt med alvorlige funksjonshemminger og derfor er avhengig av tilrettelagt transport for å leve verdige liv.

- 200 turer i året sier staten, fire til tretten turer i året foreslår fylkesmannen i Hordaland.

- Det kan ikke gis til prioriterte grupper sier fylkesmannen i Hordaland. *JO, DET KAN DET*, sies det i forsøksordningen som nå snart er i syv fylker.

- Underlig, sier vi.

### Hordaland fylkeslag av Norges Blindforbund – synshemmedes organisasjon – ønsker også å komme med disse kommentarene:

Vi forstår at en viktig beveggrunn for fylkesrådmannens forslag er et ønske om å forenkle saksbehandlingen, og også gjøre saksbehandlingen minst mulig kostnadskrevenne – samtidig som en ikke skal diskriminere.

Hordaland fylkeslag mener at den eneste løsningen som ikke vil diskriminere er å individuelt vurdere søknader om å bli prioritert bruker, dersom disse ikke faller inn under de kategorier som i dag er prioritert. På budsjettet for 2018 kuttet fylkesrådmannen 1,5 millioner til TT på bakgrunn av at mange TT brukere ikke bruker opp kvoten sin. Disse midlene burde blitt brukt på å individuelt vurdere eventuelle søknader om å bli prioritert bruker. Om personer har like alvorlige funksjonsnedsettelse som de prioriterte gruppene bør de jo også bli prioritert. Det er det rettferdige.

Men det er andre måter som fylkesmennene kan spare saksbehandlingskostnader på. Nesten halvparten av TT brukerne har livsvarig TT på grunn av en livsvarig lidelse. Det er helt sikkert flere som kvalifiserer til dette og som dermed ikke bør vurderes på nytt jevnlig.

Fylkesrådmannen foreslår å utvide godkjenningsperioden til hvert femte år. Denne kan utvides til seks år uten problemer. Men da må fylkeskommunen også ha en beredskap når brukerne ønsker å gjøre det rette og levere inn kortet når behovet blir mindre. En slik beredskap er der ikke i dag, og det kan tyde på at fylket ikke forventer at brukerne skal levere inn kortet om behovet forandrer seg.

Blindeforbundet Hordaland støtter at en slutter med aldersdifferensiering av kvoten. Men samtidig må en her være realistisk i anslagene av behovet. For sent i livet endrer behovene seg og en bruker gjerne TT-kortet mindre. Om eldre

synshemmede for eksempel, gjør dette så betyr ikke det at synshemmede har for høy kvote, men at behovene endrer seg når en blir eldre og at en oftere må ha følge av en seende for å klare seg.

Blindeforbundet Hordaland støtter også at ektefeller skal ha lik kvote, det vil si at det ikke skal kuttes 25% om begge har TT. Mange synshemmede lever sammen og det har vært svært urettferdig at de har fått kutt. Når en lever en synshemmet og en seende, finnes det noe avlastning. Når begge er synshemmede finnes ikke denne avlastningen, og de må regnes på linje med enslige synshemmede. Selv om man er gift eller samboende har en rett på et selvstendig liv.

Etter det Blindeforbundet Hordaland erfarer er personer som bor på sykehjem i dag så syke at de aller fleste ikke vil være i stand til å ta taxi på egenhånd. At disse i fortsettelsen får beholde sin kvote vil derfor være rett og føre til minimale endringer i budsjettet. Og det ligger gjerne bak forslaget også?

Blindeforbundet Hordaland støtter også at all saksbehandling i fremtiden skal skje i fylkeskommunen. Likebehandling, at like saker behandles likt, er et viktig rettsstatlig prinsipp. Når alle små kommuner skal behandle TT saker, utfordrer dette prinsippet om likebehandling. Det vil trolig også være mest kostnads-effektivt om saksbehandlere spesialiseres og blir mer dedikert til denne oppgaven.

Dette er en sak som er svært viktig for funksjonshemmede i Hordaland. Derfor sendte vi, på vegne av FFO og SAFO en e-post til alle fylkestingspolitikere før jul. I e-posten oppfordret vi dem til å stoppe forslaget til endring i TT-ordningen. Det var viktig for oss å få understreket hvor viktig TT er for de prioriterte gruppene, at dette ikke handler om at synshemmede synes det er så gøy å kjøre drosje, men at hvis vi skal ha en minimal mulighet til å leve selvstendige liv, uten hele tiden å være en byrde for våre nærmeste, så er TT helt avgjørende.

FFO og SAFO har også opprettet en underskriftskampanje på [https://www.opprop.net/ikke\\_kutt\\_i\\_taxiordningen\\_for\\_funksjonshemmede](https://www.opprop.net/ikke_kutt_i_taxiordningen_for_funksjonshemmede). Her kan dere finne mange uttalelser fra synshemmede i Hordaland om hvordan endringer i ordningen vil påvirke livene deres. Småbarnsmoren Iva Srot stod også frem i Bergens Tidende og fortalte sin historie og målbar hvilke konsekvenser kutt i TT vil få for henne. Hun er ikke alene, det er 747 blinde/sterkt svaksynte som er prioriterte TT-brukere, 946 med manuell rullestol og 1095 med elektrisk rullestol. Disse er det, som vil få livene sine begrenset av, at fylkesrådmannen i Hordaland ønsker å hindre diskriminering. Det er i vår verden, å stille saken fullstendig på hodet.



## Konklusjon

Fylkeskommunen bør gå for alternativ 4. Dette innebærer at dagens prioriterte grupper blinde/sterkt svaksynte og rullestolbrukere, fortsetter å være prioriterte. For å oppfylle kravet til LDO om ikke å diskriminere, må personer som faller utenfor gruppene, men som har et reelt behov for å være prioritert, få sin søknad individuelt behandlet. Fremtidig saksbehandling legges til fylkeskommunen, aldersdifferensiering opphører, ektepar får like store kvoter som dem som ikke er gift, godkjenningsperioden øker og kvotene skal *ikke* reguleres over budsjettet og dermed komme i fare for å endres til det verre, fra år til år.

Dette vil ivareta alle TT-brukeres behov og sørge for at ordningen fungerer slik den er ment å fungere, antidiskriminerende.

### Vedlegg:

Brev fra FFO og SAFO til fylkestingspolitikere

Brev fra LDO

Avisoppslag med Iva Srot

Hordaland Fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga  
Agnes Mowinckelsgate 5  
PB 7900, 5020 BERGEN  
hfk@hfk.no

Bergen 29.12.2017

**Re: Høyring om forslag til endringer i TT-ordninga**

Med henvisning til høringsbrev av 26.10.2017 og epost med vedlegg fra Norges Blindforbund Hordaland 29.12.2017, vedlagt høringsuttalelse fra Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner Sørvest (SAFO Sørvest).

SAFO Sørvest anmoder fylkeskommunen om ikke å støtte «modellalternativ 1» som legger opp til at «alle brukerne får lik kvote». I stedet anmoder vi fylkeskommunen om å legge opp til å behandle søknader individuelt, avhengig av behov, i tråd med den utvetydige anbefalingen fra Likestillings og Diskrimineringsombudet.

Framlegget går i stikk motsatt retning av anbefalingen fra Likestillings og Diskrimineringsombudet (LDO) om å behandle søknader individuelt avhengig av behov og framstår på den bakgrunn som diskrimineringsfremmende og et brudd på Forvaltningslovens prinsipp om saklig forskjellsbehandling.

Som fylkesrådmannen poengterer i saksframlegget var det «begrensingen i hvem som kan bli vurdert som berettiget til utvidet reiserett, som var det diskriminerende i saken.», ifølge LDO.

Vi tviler ikke på at likebehandling av søknadene uavhengig av individuelle behov vil «gje ei mer effektiv og rasjonell sakshandsaming.», som det står i saksframlegget, men tillater oss å minne om at hensikten med TT-ordningen ikke er «effektiv og rasjonell sakshandsaming».

Mange av medlemmene våre er rullestolbrukere, blinde, svaksynte eller døvblinde og 46 prosent av funksjonshemmede på nasjonalt nivå opplever at transport er en utfordring i hverdagslivet, ifølge tall fra Bufdir.<sup>1</sup> Det er helt nødvendig at disse som har størst behov for denne tjenesten får søknadene sine behandlet individuelt for å sikre at de ikke får et dårligere tilbud enn andre.

De fylkeskommunale TT-ordningene varierer sterkt og dekker ikke funksjonshemmedes behov for transport på et nivå som kompensere for manglende muligheter for å benytte seg av kollektivtransport eller egne kjøretøy.

---

<sup>1</sup>[https://www.bufdir.no/Statistikk\\_og\\_analyse/Nedsatt\\_funksjonsevne/Transport/Tilgjengelig\\_samferdsel/#heading19553](https://www.bufdir.no/Statistikk_og_analyse/Nedsatt_funksjonsevne/Transport/Tilgjengelig_samferdsel/#heading19553)

Norges Handikapforbund som en av medlemsorganisasjonene i SAFO arbeider derfor for at Stortinget skal bevilge midler til etablering av en turbasert kommunal- og fylkesovergripende transporttjeneste for funksjonshemmede etter nasjonale retningslinjer, hvor egenandelen settes til kollektivtakst, og ingen skal ekskluderes fra ordningen fordi de har egen bil.

SAFO Sørvest bidrar gjerne med råd og veiledning utover dette høringsbrevet for å sikre funksjonshemmedes muligheter for transport, på lik linje med andre.

Evy U. Knutsen

Arild Birkenes

Leder

Koordinator

Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner Sørvest (SAFO Sørvest) er en paraplyorganisasjon for Norges Handikapforbund Sørvest (NHF Sørvest), Norsk Forbund for Utviklingshemmede Hordaland (NFU Hordaland) og Norsk Forbund for Utviklingshemmede Rogaland (NFU Rogaland), Foreningen Norges Døvblinde (FNDB).

Vår felles visjon er likeverd og likestilling for mennesker med nedsatt funksjonsevne. Organisasjonene samarbeider om å gjøre FN-konvensjonen om rettighetene for mennesker med nedsatt funksjonsevne til en realitet i Norge. Barrierer i samfunnet gjør at personer med funksjonsnedsettelse blir diskriminert, og SAFO har siden etableringen i 1995, jobbet for å fjerne slike barrierer.



Sak nr D- Vår dato: 03.01.2018 Vår referanse: 2009/2163-000149/2018  
Vår saksbehandlar: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm Direkte telefonnr.: 53 42 30 69 Dykkar dato: Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

## HØYRING OM FORSLAG TIL ENDRING I TT-ORDNINGA INNSPEL FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE, BØMLO KOMMUNE

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Bømlo kommune har fylgjande innspel:**

«Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Bømlo vurderer at det er mange forbetringar i endringsforslaget. Det vil vera ei føremon at den einskilde søker i større grad vert vurdert som eit sjølvstendig individ ved tildeling av brukarkvot.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar det eldrerådet i vår kommune har uttalt, og oppmodar til at dette vert teke omsyn til i det endelege regelverket.

### **Uttale frå eldrerådet i Bømlo:**

Innspel frå eldrerådet til høyringsuttale «endring i TT kort- ordninga»:

- T.T. kort for institusjonsbrukarar slik at dei kan kome seg ut med drosje
- T.T. kort for unge og gamle med psykiske lidingar. Det kan vera ei utfordring for dei å koma seg ut å måtta manøvrere mellom mange ukjente. Desse treng kort for å få kvalitet/delta i sosial samanheng
- T.T. kort vert bruka mest i vinterhalvåret. Dersom det er rest igjen etter sommarhalvåret så bør det kunna overførast til vinterhalvåret
- T.T. kort til eldre/einsame utan førarkort som bur i grisgrendte strøk»

Me beklagar at innspelet blir sendt inn etter innspelfristen. Håpar de likevel kan ta det med.

Med helsing  
Bømlo kommune

Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm  
Rådgjevar helse sosial omsorg

*Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*



Til Hordaland Fylkeskommune  
v/Samferdselsavdelingen

Bergen, 3.1.2018

Att: Fylkesrådmann Rune Haugsdal

Vår referanse:  
2016/840-5

Saksbehandler: Rolf Rosenlund

### **AD: Endring av retningslinjer i TT-ordningen – høringssvar fra FFO Hordaland**

FFO Hordaland er en paraplyorganisasjon for 60 organisasjoner av funksjonshemmede og kronisk syke som har mer enn 30.000 medlemmer i fylket. FFOs overordnede mål er samfunnsmessig likestilling og deltakelse for funksjonshemmede.

Transportordningen for funksjonshemmede er et dør-til dør tilbud for personer som på grunn av varig forflytningshemming, av fysiske eller psykiske årsaker, ikke uten vesentlige vanskeligheter vil kunne bruke ordinært kollektiv tilbud. TT-ordningen ble i sin tid etablert for å kompensere for manglende tilgjengelighet til offentlig transport. God samferdsel og transporttilbud er nødvendig forutsetning for flere av våre grupper, for å leve et selvstendig liv og delta i samfunnet på lik linje med andre.

Dagens ordning dekker ikke mennesker med nedsatt funksjonsevnes behov for transport i fylket. FFOs krav til statsbudsjettet var kr. 45 millioner for å inkludere 6 nye fylker med i nasjonal TT-ordning. Behovet for TT ordning vil være øke i årene fremover, da med henblikk på «eldre» og økt gjennomsnittlig levealder i befolkningen. Paraplyorganisasjonen FFO og Samarbeidsforumet for funksjonshemmedes organisasjoner SAFO (Norges Handikapforbund m.fl) arbeider med endring av nasjonale retningslinjer for TT-ordningen basert på antall turer og ikke kvoter for å få lik ordning uavhengig av kommune og fylkesgrenser.

#### FFO Hordaland har følgende innspill til forslaget om endring av retningslinjene:

Det er først når statens tilskuddsordning av prioriterte brukere (blinde/svaksynte og rullestolbrukere) kan det være aktuelt for FFO Hordaland å støtte alternativ 1 (lik grunnkvote til alle brukere). Argumentasjonen fra fylkesrådmannen er henvisning fra LDO og nemdas uttale om utvidet reiserett og manglende individuell vurdering i 2016, fra Akershus fylke brev 16.03.2016 – ytterligere uttale, fra LDO. Var hovedkonklusjonen følgende; *«alle som har behov for tilrettelagt transport på grunn av nedsatt funksjonsevne, må få mulighet til å søke transport, herunder utvidet reiserett. Ombudet kan ikke se at diskrimineringregleverket er til hinder for at fylkeskommunen både tildeler TT-reiser til noen forhåndsdefinerte grupper og at og behandler øvrige søkere individuelt»*

Forslag fra FFO Hordaland er at dagens ordning med «tunge» **prioriterte brukere opprettholdes** inntil statens ekstra løyvinger er på plass, og at det åpnes opp for individuell vurdering i forhold til funksjonsnedsettelse og transportbehov i tillegg. FFO har sammen med flere organisasjoner blant Norges Handikapforbund, Sørvest og Norges Blindforbund

**DELTAKELSE**

**SOLIDARITET**

**LIKESTILLING**

Hordaland utarbeidet opprop: Ikke kutt i taxiordningen for funksjonshemmede se link.  
[https://www.opprop.net/ikke\\_kutt\\_i\\_taxiordningen\\_for\\_funksjonshemmede](https://www.opprop.net/ikke_kutt_i_taxiordningen_for_funksjonshemmede)

Det er i tillegg utarbeidet brev som ble sendt til alle fylkespolitikere pr. e-post 21.12.2017.

### **Øvrige endringsforslag:**

Vi stiller oss imidlertid positive til forslaget om å øke nedre grense til 10 år og øvre grense for livsvarig godkjenning fra 80 til 85 år. Vi støtter også forslaget om at all saksbehandling av TT ordningen blir lagt til fylket, og at godkjenningsperioden øker fra 4 til 5 år. Innføring av nytt saksbehandlingssystem som fylket planlegger implementert i mai 2018, vil bidra til likebehandling og enklere saksgang.

FFO Hordaland vil også bemerke at bør settes krav og opplyses til transportørene at TT kort brukes og det skal være tilgjengelig terminal til dette. Dersom transporter ikke greier å gjøre nytte av systemet, skal TT brukeren ikke belastes, men kun betale 15% av transportkostnadene og at det finnes en alternativ løsning i bilen.

Det bør utarbeides sanksjonsmuligheter til de selskapene som ikke greier å overholde dette, slik at de brukerne som anvender TT –kortet ikke blir skadelidende, grunnet manglende informasjon og IKT løsninger. Ved godkjenning av drosjeløyver bør dette være et av hovedkravene.

### **Med vennlig hilsen**

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon Hordaland

Inge Fiskvik

Leder av interessepolitisk utvalg

Vibecke Magnus  
Fylkessekretær FFOH

Vedlegg:

Brev LDO16.03.2016

Brev e-post. 21.12.2017

## Uttale frå den fylkeskommunale legenemnda på forslaget til endringar i TT-ordninga.

Den fylkeskommunale legenemnda vurderar alle søknader om å bli godkjent som TT- brukar. Legenemnda har fylgjande medisinskfaglege kommentarar til forslaga til nytt regelverk.

Generelt vil legenemnda peika på at det er behov for å vidareføra ordninga med ulike godkjenningsperiodar. I forslag til nytt regelverk er ordinær godkjenningsperiode utvida frå 4 til 5 år. Legenemnda støttar opp om dette forslaget. Dersom ein er i tvil om sjukdomen/funksjonshemminga vil vare i 5 år kan ein i større grad nytta mellombels godkjenning i 2 år. Legenemnda ynskjer at det i tillegg vert innført mellombels godkjenning på eitt år. Legenemnda vil streka under at ein er avhengig av klårgjerande og realistiske eigen- og legeerklæringar for å kunna gjera korrekte vurderingar av søknadane.

Det skjer kontinuerleg store framsteg på medisin- og behandlingsfronten, så legenemnda meiner at ein bør vera tilbakehalden med å gje livsvarig godkjenning til yngre søkarar.

Det er framlegg om å auka grensa for livsvarig godkjenning frå 80 år til 85 år. Legenemnda meiner at det ikkje er trong for å ha ei aldersgrense for livsvarig godkjenning, men at legenemnda vurderar dette i kvart einskild høve.

### Individuell vurdering av søkjarane

Legenemnda gjer sine vurderingar av søknadane ut frå medisinske kriterier og med utgangspunkt i regelverket sin definisjon for å bli godkjent som brukar. Denne er at personar som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære offentlege rutetilbodet vert godkjent som brukar. Legenemnda gjer ikkje, og har heller ikkje føresetnader, for å vurdere behovet for fritidsreiser for den einskilde søkjar. Dette er ei oppgåve som legenemnda heller ikkje ynskjer å ta. Eventuelle behovsvurderingar av søkjarane utover det medisinske må gjerast gjennom den fylkeskommunale sakshandsaminga.

### Forslag til andre endringar

Eit gjennomgåande trekk i saka er at det vert lagt opp til at den einskilde brukar vert vurdert som sjølvstendig individ, og ikkje sett i samanheng med sosial status og bustad. Legenemnda sluttar opp om dette prinsippet, og dei endringane i regelverket som støttar opp om dette.

Bergen 10.01.2018  
Kristin Bovim  
Per Engum  
Sturla Gjesdal  
Harald Hauge  
Peter Kryvi



Samferdselsavdelinga  
Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 5  
5008 Bergen

Fylkeseldrerådet i Hordaland

Bergen den 7. Desember 2017

## **Uttale til ”Høring om forslag til endringar i TT-ordninga”**

Fylkeseldrerådet har handsama forslaget til endringar i TT-ordninga i møte den 7. desember 2017. Nedanfor følgjer Fylkeseldrerådet sine synspunkt i saka.

### TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon.

Fylkeseldrerådet har, slik det blir nemnt i saksframlegget (side 7/10) tidlegare skrive til samferdselsavdelinga om reglane for TT-kort når ein vert innlagd på institusjon. Rådet ber i skrivet om at det ikkje vert gjort forskjell på dei som kjem under nemninga tunge brukarar og andre brukarar med TT-kort når dei kjem på institusjon, men at det i den situasjonen må gjelde same reglar for alle.

Fylkeseldrerådet er difor særst glad for at det i dei nye reglane skal vera lik handsaming slik at alle TT-kortbrukarar som vert innlagde på institusjon, blir handsama likt, slik det framgår av tabellen over ytingar og reglar der gjeldande reglement og forslag til nytt reglement/ føresegn blir lista opp.

### Valg av modellar for kvotetildeling.

Fylkeseldrerådet godtar grunngevinga i alternativ 1 for å innføra lik grunnkvote til alle brukarar, men med det unntaket som er nemnt om å gi brukarar av elektrisk rullestol ein høgare kvote. (Tabell side 8/10). Vi støttar dermed forslaga til endringar slik dei går fram av tabellen. Sjå likevel kommentar nedanfor om minstealder.

### Minstealder for å få livsvarig godkjenning.

Fylkeseldrerådet går ikkje i mot at minstealderen for å få livsvarig godkjenning som TT-brukar, vert auka frå 80 til 85 år, men meiner at den nye grensa må gjelda for nye søkjarar, men ikkje for dei som ved innføring av nye reglar allereie har livsvarig godkjenning fordi dei er over 80 år. Eit slikt unntak frå den nye regelen vil medføra at ein får ei naturleg utfasing over maksimum 5 år, som er føreslått som ny tildelingsperiode. Ei slik ordning vil også spare ein del sakshandsaming i og med at dei som er over 80 år og dimes allereie har livsvarig godkjenning som TT-kortbrukar, ikkje treng bli vurderte på nytt.

### Tildelingsperiode

Fylkeseldrerådet er samd i at tildelingsperioden blir auka frå 4 til 5 år.

### All sakshandsaming til fylkeskommunen.

Fylkeseldrerådet ser føremonane ved å samla all sakshandsaming i høve godkjenning som TT-kortbrukar i fylkeskommunen, og ikkje ute i den enkelte kommune. Rådet støttar derfor dette forslaget.

Kåre Ystanes  
Leiar Fylkeseldrerådet i Hordaland

Frå:  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Hordaland

Til:  
Hordaland fylkeskommune  
Samferdselsavdelinga

## Høyring om forslag til endringar i TT-ordninga

1 Eit godt samferdsle og transporttilbod er ein naudsynt føresetnad for at menneske med nedsett funksjonsevne skal kunne delta i samfunnet.

Dagens TT-ordning dekkjer ikkje menneske med nedsett funksjonsevne sine behov for transport.

2. Først når staten sin tilskottsordning til «tunge» TT-brukarar ( blinde/svaksynte og rullestolbrukarar) også gjeld for Hordaland kan det vere aktuelt for RMNF å støtte fylkesrådmannen sitt alternativ 1 med lik grunnkvote til alle TT-brukarar.

Inntil staten har gjennomført prosessen som skal sikre «tunge» TT-brukarar, rår RMNF til at nojeldande TT-ordning blir vidareført.

3. RMNF støtter fylkesrådmannen sitt forslag med å auke nedre aldersgrense til 10 år og øvre aldersgrense for å få livsvarig godkjenning til 85 år. Vidare støtter RMNF forslaget om at all sakshandsaming blir lagt til fylkeskommunen, for å sikre likebehandling.

4. Det må settjast krav til transportørane at TT-kort kan brukast. Transportoperatørar som skal ta imot TT-kortet frå TT-brukarane, må påleggast å alltid kunne bruke terminal for TT-kortet. Dersom Sjøførar ikkje klarar å nytte systemet, skal ikkje TT-brukaren belastas, men fortsatt berre betale 15 % av turens kostnad. Fylket må ta i bruk sanksjonsmogelegheiter ovanfor transportoperatørar som ikkje klarar å overhalde dette.



BERGEN  
KOMMUNE

BYRÅDSAVD. FOR HELSE OG OMSORG  
*BHO - Kommunaldirektørens stab*

HORDALAND FYLKESKOMMUNE  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Vår referanse: 2017/10448-6  
Saksbehandler: Gudrun Elisabeth Hanssen  
Dato: 22. desember 2017

## Høringsuttalelse fra Bergen kommune om forslag til endringer i TT-ordningen

Vedlagt følger høringsuttalelse fra Bergen kommune i sak om forslag til endringer i TT-ordningen. Saken ble behandlet av byrådet i møte 21.12.2017 i sak 1333/17.

Med hilsen  
BHO - Kommunaldirektørens stab

Gudrun E. Hanssen - saksbehandler

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

Vedlegg: 1



## Byrådssak /17

## Saksframstilling

Vår referanse: 2017/10448-1

### Høringsuttalelse - Forslag til endringer i TT- ordningen

#### Hva saken gjelder:

Fylkesutvalget behandlet i møte den 26. oktober 2017 forslag til endringer i regelverket for transportordningen for funksjonshemmede i Hordaland. Endringsforslaget er sendt på høring til kommunene, aktuelle brukerorganisasjoner og fylkeskommunale råd.

#### Høringsfrist: 31.12.2017

Likestillings- og diskrimineringsombudet har bedt fylkeskommunene om å påse at regelverket for TT-ordningene ikke hindrer individuelle vurderinger av søknader. Hordaland innplasserer i dag brukere i ulike grupper og tildeler reiser etter hvilken gruppe bruker settes i. I foreslått reglement, legger Fylkesrådmannen frem forslag til nytt reglement hvor det legges opp til at alle brukerne skal ha lik kvote. I tillegg er det foreslått andre endringer i reglementet som skal fremme likebehandling av alle søkere. Endringen er også begrunnet i ønsket om å sikre effektiv saksbehandling.

Utgangspunktet for foreslått endring av regelverket er at Likestillings- og diskrimineringsnemnda etter en klage på vedtak om godkjenning som TT-bruker i Akershus, konkluderte med at fylkeskommunen hadde handlet i strid med Diskriminerings- og tilgjengelighetsloven ved at klageren ikke hadde fått vurdert søknaden sin søknad individuelt. Likestillings- og diskrimineringsombudet har etter dette tilskrevet alle fylkeskommuner og bedt om at en ser på om praksis i fylkeskommunene er i samsvar med loven. Om ikke bes dette korrigeret.

Diskriminerings- og tilgjengelighetslovene forbyr diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne, jf. diskriminerings- og tilgjengelighetsloven av 2008 § 4 første ledd og diskriminerings- og tilgjengelighetsloven av 2013 §5.

Med diskriminering menes direkte og indirekte forskjellsbehandling som ikke er lovlig etter unntaksbestemmelsen i diskriminerings- og tilgjengelighetsloven av 2013 § 6 eller bestemmelsen om positiv særbehandling i § 6. Tilsvarende bestemmelse i 2008-loven står i § 4 annet ledd.

Med direkte forskjellsbehandling menes en handling eller unnlattelse som har som formål eller virkning at en person blir behandlet dårligere enn andre i tilsvarende situasjon, og at dette skyldes nedsatt funksjonsevne, jf. § 5 andre ledd andre punktum.

Med indirekte forskjellsbehandling menes enhver tilsynelatende nøytral bestemmelse, betingelse, praksis, handling eller unnlattelse som fører til at personer stilles dårligere enn andre, og at dette skjer på grunn av nedsatt funksjonsevne, jf. § 5 andre ledd tredje punktum.

Forskjellsbehandling er ikke i strid med forbudet i § 5 når den har et saklig formål, er nødvendig for å oppnå formålet og det er et rimelig forhold mellom det man ønsker å oppnå og hvor inngripende forskjellsbehandlingen er for den eller de som stilles dårligere, jf. §§ 6 og 7.

Fylkesrådmannen konstaterer at de ikke har funnet en modell «som fullt ut følger opp Likestillingsombodet sitt ynske; at det skal gjerast ei individuell vurdering av transportbehovet for den einskilde søkjar».

#### **Byrådets vurdering og forslag til høringsuttalelse:**

For mange brukere er det å komme seg rundt helt avgjørende for å ha gode liv. Premisser for all offentlig virksomhet er at gjeldende lov skal etterleves. Dette må alle offentlige virksomheter forholde seg til fullt ut. Rettsregler er ikke noe som kan velges bort.

Fylkesrådmannens alternativ i modell 1 med lik grunnkvote til alle brukere, vurderes å gi en enklere saksbehandling. Dermed kan mer av ressursene også benyttes til formålet. Fylkesrådmannen stiller selv spørsmål ved om plikten til individuell behandling er innfridd.

Bergen kommune forstår at det er avgjørelse i sak «13/1168: TT-ordningen i Akershus» som er foranledningen for endring av forskrift. I saken konstaterte ombudet at Akershus fylkeskommune har brutt diskriminerings- og tilgjengelighetsloven av 2008 § 4 da A fikk avslag på utvidet reiserett fordi hun ikke er rullestolbruker, psykisk utviklingshemmet, blind, synshemmet eller må bruke bærbart surstoffapparat, uten noen form for individuell behovsprøving. Akershus hadde listet opp definerte grupper som skulle få utvidet reiserett. Dette vil innebære en diskriminering i lovens forstand da mennesker med andre funksjonstap med tilsvarende konsekvens, ikke får innvilget utvidet reiserett.

Hordaland fylkeskommune foreslår nå å endre retningslinjene slik at alle behandles likt. Resultatet er at personer med ulike behov får likt tilbud, noe som av enkelte kan oppleves som urimelig. De fleste vil oppleve det som rimelig at den som er mest isolert og mest avhengig av transport får mer enn den som er mindre isolert. Om den enkeltes ønsker å reise oftere enn det som er vanlig skal vektlegges, vil dette innebære store utfordringer i et likebehandlingsperspektiv og det vil være svært vanskelig å saksbehandle.

TT-ordningen er en svært viktig tjeneste for funksjonshemmede. At Fylkeskommunen har fokus på effektiv saksbehandling slik at mest mulig av ressursene kan gå til reiser for funksjonshemmede, er positivt.

Det er en vanskelig avveining å vurdere om de med mindre behov skal begrenses fordi de med større behov trenger det mer. Bergen kommune ser at en likere behandling av alle funksjonshemmede av enkelte kan oppleves som usaklig forskjellsbehandling. Samtidig ser kommunen at det er vanskelig å skulle differensiere ut fra individuelle ønsker.

Bergen kommune tar ikke stilling til om ordningen er fullt ut i samsvar med krav i Likestillings- og diskrimineringsloven og/eller forbudet mot usaklig forskjellsbehandling, men ser det som positivt at forslaget til ny forskrift gir en enklere saksbehandling og mer tjenester til brukerne.

#### **Vedtakskompetanse:**

Byrådets fullmakter vedtatt av bystyret i sak 236-16 i møte 21. september 2016, §7: Byrådet avgir høringsuttalelser på vegne av Bergen kommune. Høringsuttalelser i prinsipielle saker som samtidig innebærer politiske avveininger, skal avgis av bystyret. Høringsuttalelser avgitt av byrådet, sendes uten ugrunnet opphold bystyrets kontor til orientering.

Forretningsutvalgets vedtak i sak 229/17 i møte 07.11.2017: Byrådet avgir ev. hørings svar i saken.

**Byråd for helse og omsorg innstiller til byrådet å fatte følgende vedtak:**

1. Byrådet avgir høringsuttalelse til «Forslag til endringer i TT- ordningen» slik den fremkommer av byrådets forslag.
2. Melding om vedtak sendes Bystyrets kontor.

Dato: 12. desember 2017

Rebekka Ljosland  
Byråd for helse og omsorg

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*

**Vedlegg:**

Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland (TT-ordninga)  
Saksfremlegg - forslag til endringar i TT-ordninga

## **Forskrift om Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland (TT-ordninga)**

### **§ 1. TT-ordninga**

Transportordninga for funksjonshemma er eit tilbod til innbyggjarar i Hordaland som på grunn av varig sjukdom eller funksjonshemming ikkje kan nytta det ordinære offentlege kollektive rutetilbodet. Transportordninga skal dekkja fritidsreiser. Reiser til og frå arbeids- og utdanningstilbod, lege, sjukehus eller anna behandlingstilbod er føresett dekkja av andre stønadsordningar.

TT-ordninga har samanheng med fylkeskommunen sitt lovfesta ansvar for kollektivtransport.

### **§ 2. Vilkår for for å bli godkjent som brukar**

For å bli godkjent som brukar må søkjaren oppfylle desse vilkåra:

- a) Søkjaren må ha sjukdom eller funksjonshemming som varer i minst 2 år. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for eitt år.
- b) Søkjaren må, på grunn av sjukdommen eller funksjonshemminga, vere ute av stand til å nytta offentlig transportmiddel, sjølv med hjelp av sjåfør ved på- og avstiging. Som offentlig transportmiddel gjeld og serviceliner, bestillingstransport eller liknande tilrettelagt transporttilbod.
- c) For å bli definert som sterkt synshemma må ein ha visus med korreksjon på begge augo som er mindre enn 6/60-del (0,1) og/eller ikkje klare fingertelling (med korreksjon) på meir enn 6 meter.
- d) For å bli godkjent som fylgje av psykisk sjukdom må søkjaren ha hatt brei og langvarig kontakt med behandlingsapparatet og ha ein diagnose som omfattar tyngre psykiatri. Det må dokumenterast at søkjaren på grunn av sjukdommen ikkje kan nytta offentlege transportmiddel, eller at sjukdommen blir vesentleg forverra ved å nytta slik transport.
- e) Søskar må vera minst 10 år for å bli godkjent som brukar.
- f) Søkjaren må vera busett og folkeregistrert i Hordaland. Brukarar som flyttar frå Hordaland misser godkjenninga.

Vanskar med å bere varer, bagasje eller anna mellom heim og busstopp, eller bratte bakkar/lang veg til busstopp vert ikkje vektlagt i vurderinga av søknaden. Det vert heller ikkje manglande rutetilbod på heimstaden.

TT-kortet er personleg og kan ikkje overdragast eller nyttast av andre.

### **§ 3. Søknaden**

Godkjenning som brukar finn stad etter søknad til Hordaland fylkeskommune. Fastsett skjema for eigen- og legeerklæring skal nyttast.

Søknadsskjema og føresegn om TT-ordninga finn ein på Hordaland fylkeskommune sine heimesider <http://www.hordaland.no/nn-no/vegtransport/tt-kort/fritidsreiser>.

Legeerklæringa må ikkje vera eldre enn 6 månader. Det er søkjaren sitt ansvar at søknaden er godt nok dokumentert.

## § 4. Godkjenningsperiode

Ein vert godkjent som brukar for 2 eller 5 år om gongen. Før godkjenningsperioden er over kan brukaren søkja om fornya godkjenning.

Det vert gjeve godkjenning for 2 år ved mellombels sjukdom, eller når det er tvil om sjukdommen/funksjonshemminga er varig. I særskilde høve kan det gjevast godkjenning for eitt år.

Brukarar med varig funksjonshemming/sjukdom som er utan utsikter til betring av tilstanden får livsvarig godkjenning.

## § 5. Brukarkvotar

Brukarkvotane vert fastlagt i årsbudsjettet.

Søkjarar som oppfyller vilkåra i §2, kan tildelast brukarkvote. Brukarkvoten vert redusert/auka når ein kjem inn under eitt av unntaka under pkt a. Søkjar som er omfatta av begge unntaka i pkt a får likevel berre ein reduksjon.

- a) Søkjar som disponerer bil innkjøpt med støtte frå NAV, eller som mottek grunnstønad til transport frå NAV får tildelt  $\frac{1}{2}$  x brukarkvote per år.
- b) Søkjar som må nytta elektrisk rullestol får tildelt utvida brukarkvote. Som elektrisk rullestol i denne samanheng vert ikkje å rekna «overbygde rullestolar», kraftige offroad-rullestolar til utandørsbruk eller scooterar.

Brukarar som bur meir enn 20 km frå næraste servicesenter (post/butikk e.l) får eit tillegg på kr. 1.000,- pr. år.

## § 6. Omfang av reiseretten

Reiseretten gjeld reiser i Hordaland. TT-kortet kan og nyttast i andre fylke dersom transportøren har utstyr som kan lesa TT-kortet.

TT-kortet kan nyttast til reiser med drosje og med turvogn og spesialbil med handikapløyve med taksameter.

For kvar tur må brukaren betala ein eigendel på minst 15 % av turkostnaden. Den resterande turkostnaden kan betalast med TT-kortet. Kvar brukar kan utan meirkostnad ha med ein følgjeperson. Brukar og følgjeperson vert rekna som ein passasjer. Følgjepersonen må møta opp der brukaren vert henta og følgja med fram til reisemålet.

## § 7. TT-kortet

Godkjente brukarar får tildelt TT-kort frå kortleverandøren.

TT-kortet er personleg og må ikkje overlatast til andre.

Ved tap må TT-kortet sperrast straks. Dette kan gjerast ved

- å kontakta kontofonen ( tlf 21 51 45 41)
- å kontakta samferdselsavdelinga ( tlf 55 23 93 63)



- e-post til [samferdsel@hfk.no](mailto:samferdsel@hfk.no).

Utferding av TT-kort er gratis for brukar første gongen. Ved utferding av nye kort kan ein måtte betala for dei faktiske kostnadane.

## **§ 8. Endra forhold og brot på føresegna**

Brukaren skal melda frå til fylkeskommunen om tilhøve som endrar føresetnaden for godkjenninga.

Godkjenninga kan tilbakekallast eller endrast dersom brukaren ikkje lenger oppfyller vilkåra i §2 eller §6, og elles så langt det fylgjer av forvaltningslova.

Godkjenninga kan tilbakekallast ved misbruk av TT-kortet. Ved slikt misbruk kan brukaren også utestengjast frå TT-ordninga i inntil 2 år.

## **§ 9. Klage på vedtak**

Ved klage gjeld reglane i forvaltningslova § 28 1. og 2. ledd.

Klagefristen er i følgje forvaltningslova § 29 1. ledd 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, samferdselsavdelinga.

Dersom klagen ikkje vert teken til følgje, går den vidare til den fylkeskommunale klagenemnda som fattar endeleg vedtak.

## **§ 10. Endringsadgong**

Rettar og plikter som er fastsett i, eller fylgjer av vedtak fatta i medhald av denne føresegna, kan til ei kvar tid endrast, også for den som alt er omfatta av TT-ordninga.

## **§ 11. Verknadstidspunkt**

Denne føresegna trer i kraft frå 01.07.2018. Frå same tid vert Retningslinjer for Transportordninga for funksjonshemma i Hordaland, 01.11.2014, oppheva.



Arkivnr: 2017/485-39

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	12/18	21.03.2018

## Temadag RMNF 2018 den 19. mars 2018 - evaluering

### Samandrag

Temadag for RMNF 2018 vert heldt den 19. mars på hotell Scandic Ørnen. Dei kommunale råda i Hordaland er inviterte, samt medlemmer og varamedlemmer i RMNF. Ein representant for SAFO og ein representant for FFO har og blitt invitert.

Rådet vil no, på dette første møtet etter temadagen, evaluere Temadagen 2018. Kva gjekk bra ? Kva gjekk mindre bra ? Kva kan rådet gjera betre ? Kva er inntrykket etter konferansen ?

### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Bertil Søfteland  
Leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
Jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*



Arkivnr: 2017/485-38  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	13/18	21.03.2018

## Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland

### Samandrag

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) skal kvart år leggje fram årsmelding for fylkestinget, seinast i juni månad. Dette går fram av regelementet for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne punkt 2. Arbeidsutvalet for rådet har utarbeid tekst til årsmeldinga for 2017.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. 3 medlemmer bør veljast mellom medlemmene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvart år.

I årsmeldinga for 2017 har vert det gitt ei orientering om arbeidet og oppgåvene til rådet for 2017. Nokre av desse sakene gjeld Universell Utforming. I årsmeldinga vert det og gjort greie for temadagen som rådet arrangerte for dei kommunale råda og Landskonferansen for fylkesråd for funksjonshemma i Stavanger, som RMNF var med og arrangera. Det vert og gjeve ein kort oversikt over høyringar der rådet har uttala seg.

### Forslag til innstilling

Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert vedteke slik den ligg føre.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

1 Årsmelding 2017 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland



# Årsmelding 2017

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

## **OM RAPPORTEN**

Ansvarleg avdeling/eining: Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
Kontaktinformasjon/ e-post:  
Dato/ev. versjonsnr.1

# Samansetning av rådet

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert valde for den kommunale valperioden.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå 01.01.2017:

Leiar:	<b>Kjell Håland, A</b>
Nestleiar:	<b>Kjell Søvik, FFO</b>
Medlem:	<b>Ingeborg Hordvik, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Medlem:	<b>May Eva Sandvik, H</b>
Medlem:	<b>Harald Norheim, SAFO</b>
Medlem:	<b>Inge Fiskvik, FFO</b>
Medlem:	<b>Solbjørg H. K. Marjala t.o.m. 01.10.2017, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Medlem:	<b>Nina Murberg, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Kari Sørensen Bernardini, A</b>
Varamedlem:	<b>Toralv Mikkelsen, A</b>
Varamedlem:	<b>Jette Lunemann Hansen, A</b>
Varamedlem:	<b>Tore Svane, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Siri Fransson, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Jostein Ljones, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Beate Husa, FL R/SV/Sp/KrF</b>
Varamedlem:	<b>Ragnhild Fagerbakke, H</b>
Varamedlem:	<b>John Torgeir Torsvik, H</b>
Varamedlem:	<b>Sissel Johnsen, SAFO</b>
Varamedlem:	<b>Laila Grosvold Nygård, FFO</b>
Varamedlem:	<b>Mona Røsvik Strømme, H</b>
Varamedlem:	<b>Asbjørn Halsebakke, FFO</b>

## REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

### 1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemmer bør veljast mellom medlemene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

### 2. Oppgåver

a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:

- Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

## Årsmelding for 2017

### For "Rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne i Hordaland" (RMNF)

#### Rådsmøter

Det vart i 2017 halde 6 ordinære rådsmøter. I tillegg kjem like mange arbeidsutvalsmøter (AU). AU-møtene vert haldne 2-3 veker før rådsmøtene, og skal i hovudsak førebu neste rådsmøte, men kan også handsama enkelte typer hastesaker. Det vart handsama 46 saker og 19 meldingar. Rådet sin møtekalendar vert tilpassa dei politiske utvala sine kalendarar, slik at saker kan vidaresendast i rett tid.

#### Saker

Det har vore mange og viktige høyringar i 2017, dei fleste krev ein god del arbeid for å få ei god sakshandsaming. Når det gjeld forslaget om endring av Teknisk Forskrift (TEK-17), så var svaret frå RMNF på linje med dei fleste andre som ga uttale; "ikkje reduser krava til tilgjengelegheit i mindre bustader". Dette svaret var så unisont at regjeringa trekte tilbake dei mest kontroversielle delene av forslaget. Elles har rådet gitt uttale til NOU 2016:17 på lik linje, NTP, Likeverd i Hordaland, og forslag om endringar i TT ordninga. Rådet har også vore konsultert fleire gonger i samband med revisjon av "Regionalplan for Folkehelse".

Siste året har det vorte utarbeida planar for påbygg/ombygg ved nye Åsane VGS og Arna VGS. Rådet har fått seg forelagt planane, og ser at eigeomsavdelinga etter kvart har opparbeida seg ein betydeleg kompetanse når det gjeld universell utforming.

Etter to dødsulykker i tunellar, ei i Sogn og ei i Hordaland, der syklistar vart påkøyrd av bil, sende rådet eit spørsmål til samferdselsavdelinga. Der ba ein om ei oversikt over tunellar under 500 meter, der bil, sykkel, gåande og rullestolar må dele på plassen, og rådet spurde om det var, eller ville bli utarbeida ein plan for opprusting eller skille mellom harde og mjuke trafikkantar. Svaret kom i 2017, og viser at det er 127 slike tunellar i Hordaland, der 92 av desse ligg på fylkesveg. I svaret står det:

*"At tunnelane er opna for gang og sykkel inneber ikkje at det er lagt til rette med fortau/g/s-veg i tunnelen. Det er eit krevjande arbeid å utarbeida ein plan for opprusting med fysisk skilje mellom gåande/syklende og køyrande. Ut frå dei fylkeskommunale økonomiske rammene er det ikkje prioritert å etablere slike fysiske skilje i tunnelar under 500 meter".*

På oppfordring frå RMNF, tok arbeidsutvalet (AU) initiativ til eit dialogmøte, der Norges Blindforbund, Skyss, rep. frå kommunalt råd i Bergen, og AU frå RMNF møttes. Bakgrunnen var ein rapport frå Blindforbundet, der dei peika på ein del ting som dei meinte var diskriminerande når det gjaldt tilgjenge til Bybanen, blant anna farlege krysningspunkt langs bybanetraseen. Resultatet frå dette møtet vart at, etter bestilling frå Bybanen Utbygging, har RMNF sett saman referansegruppe, som skal jobba tett med Bybanen Utvikling på byggesteg 4 frå sentrum til Fyllingsdalen.

Eit av dei siste vedtaka i RMNF i 2017 handla om kontakten med Skyss. For at dei ulike interesseorganisasjonane skal kunna bruka RMNF som ein kanal inn mot Skyss, så er det ønskeleg med ein fast møteplan.

#### Temakonferanse

Kvart år inviterer RMNF alle dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne i fylket til temakonferanse. Hovudtema på årets temadag var flyktningar og psykisk helse.

#### Landskonferansen

Kvart år møtes alle fylkesråda, og denne gongen var Rogaland vertskap saman med Hordaland og Sogn og Fjordane. Hordaland presenterte Idrettscampus Bergen og Bybanen. Elles var det fokus på velferdsteknologi i vidaregåande skule



## Andre konferansar

To av rådsmedlemmene er med i "Nettverk for Universell Utforming innan kollektivtrafikken i Norge", og her er det to møter i året. I 2017 var maimøtet i Bergen, der nestleiar i RMNF var ein av innledarane. Haustsamlinga var i Tønsberg, og to frå rådet deltok.

Ein representant i RMNF deltok på konferansen "Aktiv Ung" i Trondheim. I mars deltok nestleiar på konferanse om velferdsteknologi på Høgskulen i Haugesund.

Leiar og nestleiar deltok i eit fellesmøte i mai for dei kommunale råda i Sunnhordland.

SOR-konferansane (Samordningsrådet for psykisk utviklingshemma) er faste kvart år med Bergen i mai og Oslo i oktober. Desse konferansane er svært viktig for å halda rådet oppdatert om stoda for psykisk utviklingshemma.

Leiar og nestleiar vart invitert til Førde i Sunnfjord, til designbyrået Multi Maritime, for å sjå gjennom, og diskutera planane for dei nye ferjene, som skal gå på strekninga Halhjem-Sandvikvåg. Her deltok leiar for designbyrået, rep. frå Statens vegvesen, Trollhatten ferjeselskap og to frå RMNF. Eit svært konstruktivt møte, der våre synspunkt vart tatt med i det vidare arbeidet, og endringar som betra tilgjenge vart gjort.

Nestleiar deltok på "Nordic Conferance for Universal Design" i Oslo. Her var også velferdsteknologi hovudtema, både for omsorgssektoren og for skulesektoren, og ein fekk presentert bl.a. A1, ein robot som er ein del brukt i både grunnskule og vidaregåande, som eit hjelpemiddel for elevar med mykje sjukefråvær. Roboten blir plassert i klasserommet, og eleven kan følgja undervisninga via roboten.

## **Vedlegg 1**

Program for Temadag:  
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne 27.03.2017.

# Psykisk helse – flyktingar og psykisk helse

Måndag 27. mars 2017 Møteleiar: Kjell Håland, leiar for RMNF

<b>09:00</b>	Registrering
<b>10:00</b>	Opning v/ fungerande fylkesordførar Pål Kårbø.
<b>10:15</b>	<i>Regelverk for råd for menneske med nedsett funksjonsevne – ein oppdatering, V/Anders Eriksen, barne-, ungdoms- og familiedirektoratet.</i>
<b>10:40</b>	Satsing på psykisk helse V/ psykologspesialist Anja Høye Rogde i Fjell kommune.
<b>11:00</b>	Pause
<b>11:10</b>	Kommunesamanslåing og råda – konsekvensar og tips til samanslåing V/ ordførar i Lindås kommune Astrid Århus Byrknes.
<b>11:40</b>	Lunsj
<b>12:40</b>	Flyktingar og psykisk helse – ei oversikt V/ Marie-Christine Merametdjan frå RVTS, Regionalt ressursenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging.
<b>13:10</b>	Arbeid med flyktingar og psykisk helse, Rolf Vårdal, fysioterapeut, Bergen komme, Helsetjenesten for nyankomne innvandrere.
<b>13:40</b>	Pause
<b>13:50</b>	Erfaring frå ein flyktning med nedsett funksjonsevne V/David Macharia Wanjama.
<b>14:10</b>	Korleis jobbar Hordaland fylkeskommune med å integrere ungdom i den Vidaregåande skulen, med fokus på psykisk helse, psykolog Haldis Alsaker og psykolog Cecilie Steinsland, Opplæringsavdelinga, Hordaland fylkeskommune.
<b>14:40</b>	Kulturelt innslag: Fargespill
<b>15:00</b>	Programmet slutt

## **Vedlegg 2**

Landskonferansen for fylkesråd for funksjonshemmede.  
31.10.2017-01.11.2017, Stavanger.



– Sogn og Fjordane – Hordaland – Rogaland –

# Landskonferanse for fylkesråd for funksjonshemmede, 31.10-01.11 2017

Clarion Energy, Stavanger

Tirsdag 31.10.2017

9:00 – 10:00	<b>REGISTRERING</b>
10:00 – 10:15	<b>VELKOMMEN</b> ved de tre fylkesrådsledere
10:15 – 10:30	<b>VELKOMMEN</b> ved Fylkesordfører i Rogaland, Solveig Ege Tengedal
10:30 – 11:15	<b>Universell utforming av IKT – enklere digital hverdag for alle</b> v/Espen Rørvik Tjøstolvsen, seniorrådgiver
11:15 – 11:30	Spørsmål/pause
11:30 – 12:30	<b>LUNSJ</b>
12:30 – 13:15	<b>ANDRE OPPLÈGG</b> – UU (Rog) v/Linda Nilsen Ask, UU-rådgiver, Rogaland fylkeskommune
13:15 – 13:30	Spørsmål/pause
13:30 – 14:15	<b>Hva er nytt i TEK17</b> v/ Pål Lyngstad, Senioringenør, Direktoratet for byggekvalitet
14:15 – 14:30	Spørsmål/pause
14:30 – 15:00	<b>PAUSE</b>
15:00 – 15:45	<b>Morgendagens omsorg – velferdsteknologi</b> – hvordan vi har møtt kravet til opplæring i Sogn & Fjordane v/faglærer Hege Bjørlo Sandbakk og Liv Elisabet Rygg, Stryn VGS v/elever Sunniva Leivdal og Kamilla Seljeseth, STRYN VGS
15:45 – 16:00	Spørsmål/pause
16:00 – 16:45	<b>Er det mennesket eller teknologien som er funksjonshemmet?</b> <b>Hvilke utfordringer møter teknologiutviklere på veien mot et universelt design?</b> v/Arild Stapnes Johnsen, COO, Norsk Telemedisin as
16:45 – 17:00	Spørsmål/pause
19:30	<b>FESTMIDDAG PÅ HOTELLET med underholdning</b>





– Sogn og Fjordane – Hordaland – Rogaland –


# Landskonferanse for fylkesråd for funksjonshemmede, 31.10-01.11 2017

Clarion Energy, Stavanger

---

Onsdag 1.11.2017

9:15 -10:00	<b>Idrettscampus Bergen</b> v/Britt Karen Spjeld, idrettssjef i Hordaland fylkeskommune og v/ Torhild Næss, Energisenteret v/Haukeland sykehus
10:00 – 10:15	Spørsmål/pause
10:15 – 11:00	<b>PAUSE med utsjekk</b>
11:00 – 11:45	<b>Bybanen i Bergen</b> v/Sølvi M. Myrseth, prosjekteringsleder Design og Arkitektur, Bybanen Utbygging
11:45 – 12:00	Spørsmål/pause
12:00 – 12:45	<b>TREDJE OPPLÉGG</b> – Rullering av konferansen videre (Rog)
12:45 - 13:00	Spørsmål/pause
13:00	Farvel og <b>LUNSI</b>



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

**PS 14/18 Ymse**